

Møteinnkalling

Utval:	Fylkeseldrerådet
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	15.04.2021
Tid:	10:00

Lenke for oppkopling kjem i møteinnkalling outlook.

Program

- 10:00-10:10 Opprop og opning av møte
- 10:15-11:00 Orientering om E-helse Vestland av Kari Eidnes Bjørkheim, prosjektleiar.
- 11:00-11:20 Gjennomgang av reglement og sakshandsaming ved Bertil Søfteland
- 11:20-12:00 Sakshandsaming
- 12:00-12:30 Lunsj
- 12:30- Sakshandsaming til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i fylkeseldrerådet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Harald Ekroll

leiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 02.03.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 27/21	Referat frå møte om Den kulturelle spaserstokken 27.01.21	2020/77154	
RS 28/21	Vedtaksoppfølging - PS 5/21 Transporttilbod for eldre heimebuande i deler av Fana	2020/77154	
RS 29/21	Korleis førebygge og forseinke demens - webinar	2020/77154	
RS 30/21	Vestlandskonferanse for eldreråd i Vestland og Rogaland	2020/77154	
RS 31/21	Lærlingeplassar i helse- og aktivitørfag	2020/77154	
RS 32/21	Arbeidsseminar 9. april - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv	2020/77154	
RS 33/21	Uttale frå Bergen Eldreråd til Skyss om betalingsordningar	2020/77154	
RS 34/21	Møte med Bergen eldreråd	2020/77154	
	Politiske saker		
PS 13/21	Årsmelding - fylkeseldrerådet	2020/77154	
PS 14/21	Pilot aldersvennleg transport i Bergen	2020/44795	
PS 15/21	Høyring planprogram - regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035	2020/77154	

Godkjenningssaker
GK 5/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksnr: 2020/77170-8
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	6/21	15.04.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 02.03.21

Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 02.03.21 er vedlagt.

Møteprotokoll

Utval:	Fylkeseldrerådet
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	02.03.2021
Tid:	10:00-15:20

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF
Kristoffer Skjolden	Medlem	PF
Gunvor Riim Opedal	Medlem	PF
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	LOP
Martin Monrad Reigstad	Medlem	PF
Vigdis Helene Ravnøy	Nestleiar	PF
Harald Kåre Ekroll	Leiar	POSTPEN
Berit Anita Knudtsen Larsen	Medlem	ØER

Merknader

Kristina Vakt skjold Hamre gjekk kl 14:40
Kurt Johnny Hæggernæs gjekk kl 15:00

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Lotte Lynngård	Møtesekretær/rådgjevar
Aleksander Bjørøy	Rådgjevar, Transporttilbud/Mobilitetstjenester, Skys
Tina Kvammen Mjøs Sinclair	Seniorrådgjevar seksjon for plan, klima og folkehelse, SUD
Marianne Bugge	Seniorrådgjevar seksjon for plan, klima og folkehelse, SUD
Åge Avedal	Seniorrådgjevar seksjon for kunst- og kulturutvikling, KII

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/21	Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 14.01.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 13/21	Handlingsplan Fylkeseldrerådet 2019-2023	2020/77154	
RS 14/21	Landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd 2021 - er flyttet til 28.-30. september	2020/77154	
RS 15/21	Invitasjon til innspelsmøte regional transportplan	2020/77154	
RS 16/21	Sammøte med Bergen eldreråd 09.06.21	2020/77154	
RS 17/21	E-helse Vestland møte 20.01.2021	2020/77154	
RS 18/21	Den kulturelle spaserstokken - møte 27.01.2021	2020/77154	
RS 19/21	Webinar 28.01.2021 Pensjonistforbundet - Norwegian Smart Care Cluster	2020/77154	
RS 20/21	Samhandlingsmøte om medverknad 21.01.2021	2020/77154	
RS 21/21	FFO Vestland rapport	2020/77154	
RS 22/21	Notat om godtgjersle - arbeidsutval	2020/77154	
RS 23/21	Brev frå Helse- og omsorgsdepartementet	2020/77154	
RS 24/21	Rutinar og rettleiing for planlegging i Vestland- samarbeid og medverknad	2020/77154	
RS 25/21	Informasjon om klimaplanprosess - Fylkeseldrerådet	2021/2254	
RS 26/21	Vestlandskonferanse for eldreråd	2020/77154	
	Politiske saker		
PS 5/21	Transporttilbod for eldre heimebuande i delar av Fana	2020/77154	
PS 6/21	Tannhelsetenesta i Balestrand	2020/77154	
PS 7/21	Kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor i Vestland	2020/77154	
PS 8/21	Tannhelse - Livskvalitet gjennom tennene	2020/77154	
PS 9/21	Reduksjon i sjukeheims plassar	2020/77154	
PS 10/21	Nasjonal konferanse i alders- og sykehjemsmedisin, Hamar 9.-10. mars 2021	2020/77154	
PS 11/21	Vedlikehald av veg, og materiell, med meir	2020/77154	
PS 12/21	Helsesituasjonen på aldersheimar - Personar i siste fase i livet.	2020/77154	

Godkjenningssaker

GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Innkalling og sakliste vart godkjend utan merknadar.

GK 4/21 Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 14.01.21

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 14.01.21 vart godkjend utan merknadar.

Referatsaker

RS 13/21 Handlingsplan Fylkeseldrerådet 2019-2023

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 13/21 vart referert

RS 14/21 Landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd 2021 - er flyttet til 28.-30. september

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 14/21 vart referert

RS 15/21 Invitasjon til innspelsmøte regional transportplan

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 15/21 vart referert

RS 16/21 Sammøte med Bergen eldreråd 09.06.21

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 16/21 vart referert

RS 17/21 E-helse Vestland møte 20.01.2021

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 17/21 vart referert

RS 18/21 Den kulturelle spaserstokken - møte 27.01.2021

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 18/21 vart referert

RS 19/21 Webinar 28.01.2021 Pensjonistforbundet – Norwegian Smart Care Cluster

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 19/21 vart referert

RS 20/21 Samhandlingsmøte om medverknad 21.01.2021

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 20/21 vart referert

RS 21/21 FFO Vestland rapport

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 21/21 vart referert

RS 22/21 Notat om godtgjersle - arbeidsutval

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 22/21 vart referert

RS 23/21 Brev frå Helse- og omsorgsdepartementet

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 23/21 vart referert

RS 24/21 Rutinar og rettleiing for planlegging i Vestland- samarbeid og medverknad

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 24/21 vart referert

RS 25/21 Informasjon om klimaplanprosess - Fylkeseldrerådet

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 25/21 vart referert

RS 26/21 Vestlandskonferanse for eldreråd

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

RS 26/21 vart referert

Politiske saker

PS 5/21 Transporttilbod for eldre heimebuande i delar av Fana

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Kristina Vakt skjold Hamre (KrF) sette fram slikt forslag:

«Ber om at dette behandlast i Eldrerådet i Bergen»

Avrøysting

Vaktskjold Hamre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ber om at dette behandlast i Eldrerådet i Bergen

PS 6/21 Tannhelsetenesta i Balestrand

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Rådet vedtek å gi uttale om tannhelsetenesta i Balestrand.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«TANNHELSEA I BALESTRAND

Eldrerådet i Vestland viser til skriv frå eldrerådet i Sogndal og Pensjonistlaget i Balestrand v/ Anne Urtegård. Skriva ligg ved.

Eldrerådet i Vestland har diskutert saka og lurar på kva som skal vere innhaldet når ein plasserer ut ein stol på ein helseinstitusjon?

Rådet meiner at i slike tilfelle er det viktig å følgje opp med eit innhald, t.d. at ein tannlege har enkelte dagar ved institusjonen, t.d. 1 dag pr. veke/14. kvar dag.

Vi er elles oppteken av at om utgiftene som er nemnt i skriva er rette, så er det dårleg samfunnsøkonomi. Det skaper også ekstra belastningar for dei eldre og for tilsette ved institusjonane, eller pårørande som må følgje, når det er nødvendig.

Rådet ønskjer ei tilbakemelding på korleis opplegget er meint i slike tilfelle som nemnt.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag fekk 8 røyster mot 1 (Riim Opedal) og vart vedteke.

Vedtak

TANNHELSEA I BALESTRAND

Eldrerådet i Vestland viser til skriv frå eldrerådet i Sogndal og Pensjonistlaget i Balestrand v/ Anne Urtegård. Skriva ligg ved.

Eldrerådet i Vestland har diskutert saka og lurar på kva som skal vere innhaldet når ein plasserer ut ein stol på ein helseinstitusjon?

Rådet meiner at i slike tilfelle er det viktig å følgje opp med eit innhald, t.d. at ein tannlege har enkelte dagar ved institusjonen, t.d. 1 dag pr. veke/14. kvar dag.

Vi er elles oppteken av at om utgiftene som er nemnt i skriva er rette, så er det dårleg samfunnsøkonomi. Det skaper også ekstra belastningar for dei eldre og for tilsette ved institusjonane, eller pårørande som må følgje, når det er nødvendig.

Rådet ønskjer ei tilbakemelding på korleis opplegget er meint i slike tilfelle som nemnt.

PS 7/21 Kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor i Vestland

Forslag til vedtak

Rådet vedtek å gi uttale med innspel til kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor i Vestland

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Kristina Vaktskjold Hamre (KrF) sette på vegner av rådet fram slikt forslag:

«- I eit regionalt utviklingsperspektiv bør det opprettast ein database der frivillig arbeid er lista opp, samt bør ein slik database inkludere informasjon om søkbare midlar.

- Stimulere til at kommunar kan vedta heilskapleg frivillig politikk, altså lage ein plan for frivillig arbeid, danne eit kunnskapsgrunnlag, deretter utføre samskapingsmøter mellom aktuelle aktørar. Fylkeseldrerådet i Vestland vil ovanfor dei kommunale eldreråda, følge opp, og be dei etterlyse ein frivillig strategi i kommunen.

- Det er få innvandrarar i frivillig arbeid. Det bør utarbeidast ein konkret strategi for å endre denne utviklinga. Under utvikling av ein slik strategi bør ein undersøke om det er nokon kommunar som har gode erfaringar i denne forbindelsen.»

Avrøysting

Vaktskjold Hamre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- I eit regionalt utviklingsperspektiv bør det opprettast ein database der frivillig arbeid er lista opp, samt bør ein slik database inkludere informasjon om søkbare midlar.

- Stimulere til at kommunar kan vedta heilskapleg frivillig politikk, altså lage ein plan for frivillig arbeid, danne eit kunnskapsgrunnlag, deretter utføre samskapingsmøter mellom aktuelle aktørar. Fylkeseldrerådet i Vestland vil ovanfor dei kommunale eldreråda, følge opp, og be dei etterlyse ein frivillig strategi i kommunen.

- Det er få innvandrarar i frivillig arbeid. Det bør utarbeidast ein konkret strategi for å endre denne utviklinga. Under utvikling av ein slik strategi bør ein undersøke om det er nokon kommunar som har gode erfaringar i denne forbindelsen.

PS 8/21 Tannhelse - Livskvalitet gjennom tennene

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fylkeseldrerådet vedtek å gi uttale om tannhelse.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Vigdis Helene Ravnøy sette fram slikt forslag:

«Livskvalitet og verdigheit gjennom tennene

Tennene er viktig for ein god livskvalitet. Og god livskvalitet er viktig for ei god allmenn helse. Det er med interesse og stor glede vi ser at fleire og fleire blir opptekne av tannhelsepolitikk og bruker både media og sosiale medium for å få fram budskapet til dei som sitter med makta til å gjere noko med det.

Dette skjer ikkje minst på bakgrunn av at fleire og fleire, unge som eldre, står fram og fortel historiene sine ved å ha ei tannhelse som øydelegg for livskvaliteten sin. Nokon dyppar Paralgin Forte ned på ein blottlagt tannerve. Andre dyppar ein Q-tips med vodka ned i holet for å stoppe tannverken. Mange tør ikkje opne munnen i skam over tanngarden sin. Og mange eldre med dårlege tenner kan ikkje lenger tygge maten og får i seg for lite mat. Det er også dokumentert at det er en samanheng mellom tannhelse og hjarte-karsjukdommar.

Det finst mange menneskelege tannhelsetragediar einskildmenneske opplever fordi økonomien ikkje tillet eit tannlegebesøk. Det er for dyrt. Denne utviklinga blir forsterka når ein blir eldre og har mindre økonomi, og tannlegerekningane blir større og større av mange grunnar.

Forsikringselskapa tilbyr forsikring av tenner fram til 70 år. Det er vel unødvendig å fortelje grunnen til at alderen setter grenser. Men det er ei kjensgjerning at mange får problem med tennene etter 70 år.

Fylkeseldrerådet i Vestland meiner det er no på tide at politikarane gjer noko med tannhelsepolitikken ved å innsjå at sjukdommar i munn, tenner og kjeve må stillast likt med sjukdommar elles på eller i kroppen. Tannhelse må sidestillast med medisin og andre helsetenester når det gjeld eigenandelsordninga. Det er ikkje velferdsstaten verdig at mange går rundt med tannhelseproblem når dette kan løysast ved ei auking på rundt 12 milliardar på eit helsebudsjett som i dag er på rundt 317 milliardar. Noreg har råd til eit slikt løft slik at ingen treng å gå rundt med ei dårleg tannhelse og dårleg livskvalitet.»

Avrøysting

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Livskvalitet og verdigheit gjennom tennene

Tennene er viktig for ein god livskvalitet. Og god livskvalitet er viktig for ei god allmenn helse. Det er med interesse og stor glede vi ser at fleire og fleire blir opptekne av tannhelsepolitikk og bruker både media og sosiale medium for å få fram budskapet til dei som sitter med makta til å gjere noko med det.

Dette skjer ikkje minst på bakgrunn av at fleire og fleire, unge som eldre, står fram og fortel historiene sine ved å ha ei tannhelse som øydelegg for livskvaliteten sin. Nokon dyppar Paralgin Forte ned på ein blottlagt tannerve. Andre dyppar ein Q-tips med vodka ned i holet for å stoppe tannverken. Mange tør ikkje opne munnen i skam over tanngarden sin. Og mange eldre med dårlege tenner kan ikkje lenger tygge maten og får i seg for lite mat. Det er også dokumentert at det er en samanheng mellom tannhelse og hjarte-karsjukdommar.

Det finst mange menneskelege tannhelsetragediar einskildmenneske opplever fordi økonomien ikkje tillet eit tannlegebesøk. Det er for dyrt. Denne utviklinga blir forsterka når ein blir eldre og har mindre økonomi, og tannlegerekningane blir større og større av mange grunnar.

Forsikringselskapa tilbyr forsikring av tenner fram til 70 år. Det er vel unødvendig å fortelje grunnen til at alderen setter grenser. Men det er ei kjensgjerning at mange får problem med tennene etter 70 år.

Fylkeseldrerådet i Vestland meiner det er no på tide at politikarane gjer noko med tannhelsepolitikken ved å innsjå at sjukdommar i munn, tenner og kjeve må stillast likt med sjukdommar elles på eller i kroppen. Tannhelse må sidestillast med medisin og andre helsetenester når det gjeld eigenandelsordninga. Det er ikkje velferdsstaten verdig at mange går rundt med tannhelseproblem når dette kan løysast ved ei auking på rundt 12 milliardar på eit helsebudsjett som i dag er på rundt 317 milliardar. Noreg har råd til eit slikt løft slik at ingen treng å gå rundt med ei dårleg tannhelse og dårleg livskvalitet.

PS 9/21 Reduksjon i sjukeheims plassar

Forslag til vedtak

Rådet vedtek å gi uttale om reduksjon i sjukeheims plassar.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Vigdis Helene Ravnøy sette fram slikt forslag:

«Reduksjon av sjukeheims plassar i Norge

Reduksjon av sjukeheims plassar i Norge Økonomien i kommunane har stadig blitt dårlegare med reduserte overføringar frå staten. Særleg ille er det blitt etter kommunereforma og samanslåing av kommunar. Dette skjer over heile landet. Det

rammar eldreomsorga generelt og sjukeheimplassar spesielt, då kommunane får mesteparten av driftsmidlane til sjukeheimplassar finansiert med statlege overføringar. Som eksempel vil vi vise til kva som skjer i to kommunar i Vestland fylke:

Voss kommune har fått redusert dei statlege inntekta sine med 26 millionar kroner det siste året. Dette har medført at 24 institusjonsplassar er blitt avvikla. 16 aldersheimplassar som vart brukte til pleiepasientar på Hagahaugen skulle erstattast med 20 nye eldrebustader på Vetleflaten Omsorgssenter. Desse omsorgsbustadane er grunna dårleg kommuneøkonomi no tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsnivå. Åtte plassar i Voss sjukeheim står tomme. Eldreomsorga på Voss har såleis mista 24 institusjonsplassar, utan erstatning siste året grunna manglande driftsmidlar og statlege overføringar. Driftsbudsjettet av heile eldreomsorga er redusert med fleire millionar.

I Ullensvang kommune føreslo Rådmannen til budsjettbehandlinga for 2021 å avvikla Utneheimen sjukeheim med 24 plassar. I tillegg til å legge ned 10 sjukeheimplassar i Røldal og redusera sjukeheimplassar i Odda og Kinsarvik, til saman ca 50 sjukeheimplassar. Dette vart ikkje vedteke av politikarane, men både sjukeheimen og eldreomsorga elles fekk store nedskjeringar av driftsbudsjettet og politikarane bad administrasjonen om så sjå på alternative løysingar for heildøgns plassar.

Kommunane har frå staten blitt pålagde/oppfordra til å følgje opp den statlege omsorgsreforma «Leva heile livet». Ei reform som pålegg endring av institusjonsomsorg til heimebasert omsorg, utan ei krone i ekstramidlar til kommunane for å gjennomføra denne reforma som i hovudsak har som målsetting at: «Alle eldre skal få bu heime så lenge dei vil, med pleie i heimen». Eller som mange no seier: «Alle skal bu i heimen så lenge kommunen vil».

Dette medfører at kommune og stat overfører offentlege pleieoppgåver til pårørande og frivillige. Dette er ei reversering av velferdsstaten sine tenester, og ei attendeføring av omsorgsansvaret til familien og dei som frivillig stiller opp.

Dette blir for mange eldre ei uverdigg avslutning på livet.

1. Fylkeseldrerådet i Vestland viser til at det vert stadig fleire eldre i Noreg med stort pleiebehov. Det er da uakseptabelt å redusere eksisterande sjukeheimplassar, ut frå manglande driftsmidlar i kommunane.
2. Fylkeseldrerådet i Vestland kan ikkje akseptera at kommunane avviklar sjukeheimplassar, medan behovet for sjukeheimplassar går opp. Vi viser til at det i årets statsbudsjett er avsett investeringsmidlar for 5000 nye sjukeheimplassar i Noreg. Kommunane får imidlertid ikkje nødvendige driftsmidlar.
3. Fylkeseldrerådet i Vestland ber Regjering og Storting løyve nødvendige driftsmidlar til drift av både gamle og nye sjukeheimplassar snarast, slik at eldre pleietrengande får ei verdigg avslutning på livet.»

Avrøysting

Ravnøy sitt forslag fekk 8 røyster mot 1 (Knuttsen Larsen) og vart vedteke.

Vedtak

Reduksjon av sjukeheimplassar i Norge

Reduksjon av sjukeheimplassar i Norge Økonomien i kommunane har stadig blitt dårlegare med reduserte overføringar frå staten. Særleg ille er det blitt etter kommunereforma og samanslåing av kommunar. Dette skjer over heile landet. Det ramar eldreomsorga generelt og sjukeheimplassar spesielt, då kommunane får mesteparten av driftsmidlane til sjukeheimplassar finansiert med statlege overføringar. Som eksempel vil vi vise til kva som skjer i to kommunar i Vestland fylke:

Voss kommune har fått redusert dei statlege inntekta sine med 26 millionar kroner det siste året. Dette har medført at 24 institusjonsplassar er blitt avvikla. 16 aldersheimplassar som vart brukte til pleiepasientar på Hagahaugen skulle erstattast med 20 nye eldrebustader på Vetleflaten Omsorgssenter. Desse omsorgsbustadane er grunna dårleg kommuneøkonomi no tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsnivå. Åtte plassar i Voss sjukeheim står tomme. Eldreomsorga

på Voss har såleis mista 24 institusjonsplassar, utan erstatning siste året grunna manglande driftsmidlar og statlege overføringar. Driftsbudsjettet av heile eldreomsorga er redusert med fleire millionar.

I Ullensvang kommune føreslo Rådmannen til budsjettbehandlinga for 2021 å avvikla Utneheimen sjukeheim med 24 plassar. I tillegg til å legge ned 10 sjukeheimsplassar i Røldal og redusera sjukeheimsplassar i Odda og Kinsarvik, til saman ca 50 sjukeheimsplassar. Dette vart ikkje vedteke av politikarane, men både sjukeheimen og eldreomsorga elles fekk store nedskjeringar av driftsbudsjettet og politikarane bad administrasjonen om så sjå på alternative løysingar for heildøgns plassar.

Kommunane har frå staten blitt pålagde/oppfordra til å følgje opp den statlege omsorgsreforma «Leva heile livet». Ei reform som pålegg endring av institusjonsomsorg til heimebasert omsorg, utan ei krone i ekstramidlar til kommunane for å gjennomføra denne reforma som i hovudsak har som målsetting at: «Alle eldre skal få bu heime så lenge dei vil, med pleie i heimen». Eller som mange no seier: «Alle skal bu i heimen så lenge kommunen vil».

Dette medfører at kommune og stat overfører offentlege pleieoppgåver til pårørande og frivillige. Dette er ei reversering av velferdsstaten sine tenester, og ei attendeføring av omsorgsansvaret til familien og dei som frivillig stiller opp.

Dette blir for mange eldre ei uverdigg avslutning på livet.

1. Fylkeseldrerådet i Vestland viser til at det vert stadig fleire eldre i Noreg med stort pleiebehov. Det er da uakseptabelt å redusere eksisterande sjukeheimsplassar, ut frå manglande driftsmidlar i kommunane.
2. Fylkeseldrerådet i Vestland kan ikkje akseptera at kommunane avviklar sjukeheimsplassar, medan behovet for sjukeheimsplassar går opp. Vi viser til at det i årets statsbudsjett er avsett investeringsmidlar for 5000 nye sjukeheimsplassar i Noreg. Kommunane får imidlertid ikkje nødvendige driftsmidlar.
3. Fylkeseldrerådet i Vestland ber Regjering og Storting løyve nødvendige driftsmidlar til drift av både gamle og nye sjukeheimsplassar snarast, slik at eldre pleietrengande får ei verdig avslutning på livet.

PS 10/21 Nasjonal konferanse i alders- og sykehjemsmedisin, Hamar 9.-10. mars 2021

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Ingen i fylkeseldrerådet deltek på Nasjonal konferanse i alders- og sjukeheimsmedisin.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ingen i fylkeseldrerådet deltek på Nasjonal konferanse i alders- og sjukeheimsmedisin.

PS 11/21 Vedlikehald av veg, og materiell, med meir

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet ber administrasjonen om å greie ut ei sak med dei tema rådet foreslår.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Avrøysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

Fylkeseldrerådet ber administrasjonen om å greie ut ei sak med dei tema rådet foreslår.

PS 12/21 Helsesituasjonen på aldersheimar – Personar i siste fase i livet.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet vedtek å ikkje gi uttale.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å ikkje gi uttale.

Referatsaker

RS 27/21 Referat frå møte om Den kulturelle spaserstokken 27.01.21

Saksnr: 2020/77154-75
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 12.03.2021

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Referat frå møte om Den kulturelle spaserstokken 27.01.21

Det var digitalt møte om Den kulturelle spaserstokken 27.01.21. Fleire i fylkeseldrerådet deltok. Administrasjonen har no sendt ut referat frå møtet, som her ligg vedlagt.

Vedlegg

- 1 Den kulturelle spaserstokken - Referat frå dialogmøte mellom fylkeseldrerådet, kommunekontaktane og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering 27.01.2021
- 2 Den kulturelle spaserstokken- møtereferat dialogmøte 27.01.2021

Referent: Simen Lagesen Krogstie
Dato: 23.02.2021

Emne:	Den kulturelle spaserstokken - Referat frå dialogmøte mellom fylkeseldrerådet, kommunekontaktane og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering 27.01.2021	
Til stades:		
Forfall:		Sak: 2021/5597 - 6
Møtetid:	27.01.2021 kl. 09.00 - 11.00	Møtestad: Teams

Møteleiar: Simen Lagesen Krogstie, rådgjevar seksjon for kulturformidling, avdeling for kultur, idrett og inkludering, Vestland fylkeskommune.

Agenda for møtet var:

1. Kort presentasjonsrunde.
2. Innleiing ved Per Morten Ekerhovd, fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune
3. Informasjon om retningslinjene for Den kulturelle spaserstokken i Vestland. Ved Siri Ingvaldsen, seksjonssjef kulturformidling
4. Den kulturelle spaserstokken og korona – kva rom har kommunane for å gjere endringar? Ved Simen Lagesen Krogstie
5. Innspel til ordninga frå Fylkeseldrerådet
6. Diskusjon:
 - a. Kva er hovudutfordringane i arbeidet med Den kulturelle spaserstokken i kommunane?
 - b. *Den kulturelle spaserstokken skal leggje til rette for profesjonell kunst- og kulturformidling til eldre (...)*
 - i. Korleis jobbar de med dette i kommunane?
 - c. *Den kulturelle spaserstokken (...) i eit samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren.*
 - i. Korleis opplever de at dette samarbeidet er i eigen kommune? Og mellom kommunar?
 - d. *Fordelingsnøkkelen legg til grunn 80% kvantitative kriterium (personar over 67 år, innbyggjarar, geografisk storleik) og 20% kvalitative kriterium (programinnhald, nyskaping, samarbeid, gjennomføringsevne, tilbod til mange).*
 - i. Har de nokre tankar om kriteria og vektinga i fordelingsnøkkelen?
 - e. Er det noko de saknar / kunne ønskje frå fylkeskommunen i arbeidet med Den kulturelle spaserstokken?

Referat

Møtet starta med ein presentasjon av alle deltakarane.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering Per Morten Ekerhovd innleia til møtet. Han gav mellom anna gav ei skildring av korleis Den kulturelle spaserstokken er plassert inn i fylkeskommunens virke, og kva rolle ordninga er tenkt å ha i fylket. Vidare hadde Siri Ingvaldsen, seksjonsleiar i kulturformidling, ei orientering om tilskotsordninga basert på vedtak fatta i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 03.04.2020. Møteleiar informerte om Den kulturelle spaserstokken og korona – kva rom kommunane har for å gjere endringar. Fylkeseldrerådet kom så med eit innlegg om deira tankar om Den kulturelle spaserstokken,. Rådet ynskjer ei aktiv rolle i arbeidet med Den kulturelle spaserstokken, og vil arbeide for at tilgjengelege midlar til ordninga vert auka.

Innspel i møtet:

av 3

- Få til ein felles portal der søknader og prosjektskildringar kan leggest inn. Kan fungere som ein idébank regionalt.
- Opplegg for erfaringsdeling er verdifullt.
- Viktig å få diskutert meir kva som ligg i kvalitetsomgrepet i DKSS. Korleis definerer vi dette, kva skal liggje til grunn når vi vel ut program.
- Bør vere same kvalitetskrav for seniorar som for barn og unge i DKS, men rom for skjønn, lokale tilpassingar.
- Korleis når vi ut til alle. Døme «Kultur på døra» - tilbod til heimebuande som ikkje sjølve kan kome seg til kulturaktivitetar.
- Må samarbeide på tvers i kommunane når ein planlegg tilbod i DKSS, kva kan trekkje flest mogleg til arrangement.
- Reiseutgifter tek mykje av tilskotet til DKSS – kan vi finne løysingar som frigjer meir midlar til sjølve programma/arrangementa?
- Transportordning – trygg transport, sikre at eldre kan delta i organisert aktivitet. Treng betre ordning i Vestland. Døme Fleks i Fredrikstad. Sørvis-skyss var eit ordning i Sogn og Fjordane, kan denne vidareførast i Vestland?
- Viss vi vil ha kunstnarar i fylket som kan leve av kunst og kultur, må vi syte for at dei har oppdrag. Finne ein måte å bruke dei på inn i DKSS.
- Utgangspunktet er korleis vi skal nå målet om gode tilbod til gruppa eldre. Viktig med profesjonalitet. Døme er kommune som har som krav at programhaldarar kan fakturere dei. DKSS må ha høg kvalitet, og det tek tid å finne gode løysingar. Det er òg eit spørsmål om kva mottakarane ynskjer, kva tid kjem vi nær målgruppa.
- Utfordring korona – krev mykje omstilling og endringar. Døme: må planleggje ti konsertar der ein tidlegare hadde to. I nokre høve einmannskonsertar, helst instrumentalt.
- Digitale, interaktive opplegg kan erstatte noko av det fysiske tilbodet.
- Det er viktig å samarbeide med forskingsinstitusjonane – slik kan ein få fram nye tilbod og nå nye grupper. Døme: kunst-terapi som kan vere tilbod til menneske med demenslidningar.

Det vart sett fram forslag om eit forskingsprosjekt der ein systematisk evaluerer korleis kunst og kultur til eldre verkar inn på helse. Mellom anna vart det referert til undersøkingar som viser at kulturtilbod minskar bruken av medikament. Eit slikt prosjekt kunne organiserast som ei langsiktig satsing med nokre kommunar og fylkeskommunen.

Fleire støtta tanken. Det vart understreka at eit forskingsprosjekt må vere tverrfagleg, altså femne om både kultursektoren og helse- og omsorgssektoren. Vi må leite etter det som gjer at vi utviklar oss som samfunn på dette feltet. Det kan undersøkast om regionale forskingsmidlar kan vere ei aktuell finansieringskjelde til denne typen prosjekt.

Oppsummering om vidare arbeid i fylkeskommunen:

Fylkeskommunen vil

- vurdere om det er mogleg å etablere ein regional portal for program/produksjonar for eldre
- undersøke om skyssordningar for eldre kan styrkast
- ta med idéen om eit forskingsprosjekt i vidare arbeid med seniorpolitikken i fylket.

Møtet slutt.

Deltakarar:

Kommunekontaktar:

Sunnfjord kommune - Hilde Bjørkum

Kinn kommune – Ylva Seljenes

Fitjar – Bente Bjelland

Austevoll kommune – Mandana Zadeh

Høyanger kommune – Beate Kjølstad

Øygarden Kommune – Erika Kroken og Guri Gjermstad Dypvik

av 3

Vossherad – Silje Solstad
Fjaler kommune – Ingeborg Tysnes
Gulen kommune – Vivian Våge og Kristin Kvamme Rasch
Kvam kommune – Mary Ann Sørheim
Bergen kommune – Ann-Kristin Nordal-Seljestokken
Ullensvang kommune – Else Marie Sandal
Bjørnafjorden kommune – Grete Byrkjeland
Askøy kommune – Gunnar Brynjulfsen
Aurland kommune – Anita Lærum
Askvoll kommune – Astrid Margrete Halstensen
Etne kommune – Liv Kari Bødtker
Masfjorden kommune – Frank Kvinge
Fedje kommune – Nadine Gutte-Preusse
Sogndal kommune – Anita Bergseth og Per Verner Aase
Alver kommune – Nina Randal og Sigrid Fivelstad
Solund kommune – Irene Vaulen
Kvinnherad kommune – Anita Lykkja
Gloppen kommune – Kjersti Rønningen
Bremanger – Bodil Edvardsen
Vik – Marit Andersen
Bømlo – Elisabeth Holme
Stord – Trond Onarheim
Stryn – Oddhild Hilde
Osterøy – Henrik Carlsen
Stad – Maria Helgesen

Fylkeseldrerådet:

Harald Ekroll
Kristina Vakt skjold Hamre
Gunvor Riim Opedal
Kjellbjørg Lunde
Berit Anita Knutsen Larsen

VLFK Avdeling kultur, idrett og inkludering – Per Morten Ekerhovd, fylkesdirektør.

VLFK Seksjon for kulturformidling – Siri Ingvaldsen, seksjonssjef

VLFK seksjon for kulturformidling – Simen Lagesen Krogstie, rådgjevar.

Kopi til:

Simen Lagesen Krogstie
Siri Ingvaldsen
Per Morten Ekerhovd

Vår referanse 2021/5597-8
Dato 02.03.2021

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Den kulturelle spaserstokken- møtereferat dialogmøte 27.01.2021

Hei,

Her kjem referat frå dialogmøte om Den kulturelle spaserstokken 27.01.2021.

Med helsing

Simen Lagesen Krogstie
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Den kulturelle spaserstokken - Referat frå dialogmøte mellom fylkeseldrerådet, kommunekontaktane og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering 27.01.2021

Mottakarliste

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER

Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune		6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgate 16	5722	DALEKVAM
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN

Kopi til:
Siri Ingvaldsen
Per Morten Ekerhovd
Lotte Karoline Lynngård

Saksnr: 2020/77154-79
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 16.03.2021

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Vedtaksoppfølging - PS 5/21 Transporttilbod for eldre heimebuande i deler av Fana

I fylkeseldrerådet sitt møte 02.03.21 vedtok rådet i PS 5/21 Transporttilbod for eldre heimebuande i deler av Fana å ikkje gi uttale, men å sende saka til Bergen eldreråd.

Fylkeseldrerådet har ikkje mynde til å sende saker til andre eldreråd, og sekretær har såleis ikkje sendt vedtaket vidare.

Fylkeskommunen har ansvar for kollektivtransporttilbodet i fylket, og det er naturleg at eldrerådet i fylket uttaler seg i saker som gjeld fylkeskommune ved Skyss. Rådet står sjølvstendig fritt til å velje om dei vil uttale seg eller ikkje.

Saksnr: 2020/77154-86
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 19.03.2021

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Korleis førebygge og forseinke demens - webinar

Den 4. mars var det eit webinar om korleis førebygge og forseinke demens.

Leiar deltok og orienterer i møtet.

Saknr: 2020/77154-87
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 19.03.2021

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Vestlandskonferanse for eldreråd i Vestland og Rogaland

Ein vestlandskonferanse er sjølvsagt spennande, men administrasjonen oppmodar til å vente med å ta avgjerd før ein veit meir om kva økonomiske og administrative ressursar ein har til rådighet. Ein må òg vurdere kva for prioriteringar dei fylkeskommunale organa skal gjere når det opnast opp igjen etter covid-19.

I tillegg til utfordringar med oppretting av nytt fylke, har òg pandemien medført ekstra utfordringar, da ein ikkje har kunna reise rundt i fylket og besøke og samarbeide slik som ein hadde ønska. Her bør ein nok i starten først og fremst prioritere samhandling med andre innover i Vestland, framfor å samarbeide med andre fylke.

Saksnr: 2020/77154-91
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 24.03.2021

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Lærlingeplassar i helse- og aktivitørfag

I samband med at medlemar i rådet ønska litt informasjon om korleis situasjonen er akkurat no når det kjem til lærlingeplassar i helsefag og aktivitørfag, vart det undersøkt med avdelinga for opplæring og kompetanse.

Det er fire intensjonsavtalar om læreplass i aktivitørfaget og 291 i helsearbeidarfaget.

Til aktivitør er der ingen søkarar.

Der er totalt 394 søkarar, derav 232 med ungdomsrett, til helsearbeidarfaget.

Saksnr: 2020/77154-90
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 22.03.2021

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Arbeidsseminar 9. april - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

I samband med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv som no er på høyring, og som fylkeseldrerådet har som politisk sak til dette møtet, har det vore arrangert fleire møte for at alle skal kunne komme med innspel til planen.

Vedlagt er invitasjon til det arbeidsseminar som hende 9. april 2021. Medverknadsorgana fekk anledning til å melde seg på, og dei som deltok frå fylkeseldrerådet vil halde ei lita orientering i møtet.

Målet med arbeidsseminaret:

- a) Gjere kjent arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv og presentere forslag til planprogram.
- b) Drøfte kvifor og korleis råda på ulike nivå kan og bør bidra i planlegginga.

Vedlegg

- 1 Invitasjon til arbeidsseminar 9. april - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Kommunane i Vestland
-eldrerådet
-råd for menneske med nedsett funksjonsevne
-ungdomsrådet

Invitasjon til arbeidsseminar 9.april - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Vestland fylkeskommune har sendt forslag til planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv på høyring. Det er gjennomført tre høyringsmøter 16.03.2021 med god oppslutning frå kommunar, kulturinstitusjonar og frivillig sektor.

Som del av fylkeskommunen sitt arbeid med å utvikle medverknad i regional og kommunal planlegging, hente kunnskap og bygge nettverk, inviterer vi med dette dei kommunane og dei kommunale eldreråda, råda for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsråda til eit

digitalt arbeidsseminar fredag 9. april kl 10-12.

Målet med arbeidsseminaret er:

- a) Gjere kjent arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv og presentere forslag til planprogram.
- b) Drøfte kvifor og korleis råda på ulike nivå kan og bør bidra i planlegginga.

I forslaget til planprogram er det særleg plantema (kap 6) som er mest relevant å drøfte. Du finn dokumentet her:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv-20232035/hoyringsutkast-planprogram-for-regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv-20232035.pdf>

Så langt det let seg gjere innan gjeldande koronarestriksjonar, ser vi gjerne at kommunane legg til rette for at medlemmer frå dei kommunale råda kan møtast i høveleg møterom på kommunehuset og delta samla derifrå, saman med sekretær og helst også ein frå den kommunale kultursektoren. Om det ikkje er mogleg med fysiske samlingar, går det bra med individuell deltaking også.

Høyringsfrist på planprogrammet er 20.april, så bruk gjerne høve til å formulere ev innspel til planprogrammet saman med kommunen.

Påmelding innan 7.april her:

<https://vlfk.pameldingssystem.no/hoyringsmote-og-arbeidsseminar-om-regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv>

Du vil få tilsendt tilkoplingslenke kort tid før møtet.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
Fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
konst seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrif

Saksnr: 2020/77154-85
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 18.03.2021

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Uttale frå Bergen Eldreråd til Skyss om betalingsordningar

Bergen eldreråd handsama sak om betalingsordningar i bussane i møte 24. februar 2020. Dei har så sendt ei uttale til Skyss, og denne uttala ligg vedlagt til orientering for fylkeseldrerådet.

Vedlegg

- 1 Bergen eldreråd - Eldre passasjerer og Skyss



Til
Skyss
Fylkeseldrerådet
Eldreombudet

Vår referanse: 2021/01523-18
Saksbehandler: Ragnhild Hvoslef Krüger
Dato: 25. februar 2021

Eldre passasjerer og Skyss

Eldrerådet i Bergen fikk i møte 24. februar, sak 40/21 informasjon om arbeidet Skyss er i gang med for å endre betalingsordninger på bussene. Eldrerådet takker for god informasjon og oppfølging.

Eldrerådet har vært bekymret for at kortleserne tas vekk fra bussene, særlig nå under koronapandemien når det ikke er mulig å betale hos sjåføren. Det var nyttig å høre at det vil bli mulig å betale med bankkort (uten ombordtillegg) hos sjåføren, når frontdørene igjen åpnes, og at vekterne skal opptre med fleksibilitet i denne overgangsperioden.

Eldrerådet vil gjerne komme med følgende innspill til det videre arbeidet:

Eldrerådet i Bergen er tilfreds med at Skyss bruker digitale hjelpemiddel når det gjelder betaling og ruteinformasjon.

Utfordringen er å ivareta de eldre som ikke er på de digitale plattformer. Eldrerådet ber derfor om at Skyss spesielt har tanke for og tar hensyn til denne brukergruppen.

Med hilsen
Eldrerådet

Nils Mæhle - leder
Ragnhild Hvoslef Krüger - rådgiver/rådssekretariatet

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Saksnr: 2020/77154-88
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 19.03.2021

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Møte med Bergen eldreråd

Her oppmodast rådet til å dele tankar og forslag om tema om møte med Bergen eldreråd.

Politiske saker
PS 13/21 Årsmelding - fylkeseldrerådet

Saksnr: 2020/77154-74
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	13/21	15.04.2021

Årsmelding 2020 - fylkeseldrerådet

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtar årsmeldinga for fylkeseldrerådet for 2020.

Samandrag

Med nytt fylke vart det oppretta nytt fylkeseldreråd. Året 2020 var prega av corona, fylkeseldrerådet gjennomførte likevel møter, sjølv om størsteparten vart digitale. Vedlagt er årsmeldinga for 2020. Årsmeldinga gir ei oversikt til politikarane og andre over aktiviteten i fylkeseldrerådet i året som gjekk.


Bertil Søfteland
seksjonssjef

Lotte Lynngård
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Årsmelding 2020 - fylkeseldrerådet



Årsmelding 2020

Fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune

Innhald

Innhald i årsmeldinga.....	4
Eldreråd.....	4
Fylkeseldrerådet i 2020.....	5
Samansetning av rådet.....	6
Deltaking i 2020.....	8
Politiske saker	10
Reglement.....	12

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Fylkeseldrerådet

Kontaktinformasjon/ e-post:

Dato/ev. versjonsnr.1

Innhald i årsmeldinga

Årsmelding 2020 for fylkeseldrerådet i Vestland gir ei oversikt over aktiviteten til fylkeseldrerådet gjennom året 2020. I årsmeldinga vil det stå litt om eldrerådet generelt, og så skriv leiar litt om fylkeseldrerådet spesifikt i året 2020, og dei viktigaste politiske sakene som har vore handsama.

Det vil vere ein opplisting av rådet sine medleamar, liste over alle møta i fylkeseldrerådet, samt dei ulike møte og arrangement som medlemane har delteke på gjennom året.

Vidare kjem det ei opplisting av alle dei politiske sakene som fylkeseldrerådet har handsama.

Reglement for medverknadsorgana er òg lagt ved.

Eldreråd

Fylkeseldrerådet i Vestland, som eit av tre medverknadsorgan i fylkeskommunen, er eit lovpålagt organ, heimla i kommunelova § 5-12.

Rådet har ni medleamar som er oppnemnde av fylkestinget. To av medlemane er fylkestingsrepresentantar, og sju medlemer er valde av pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer dei eldre. Fleirtalet av medlemane skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Rådet skal sjølv peike ut leiar og nestleiar blant medlemane, og val av leiar og nestleiar skal gjerast ved fleirtalsval.

Fylkeseldrerådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen og har rett til å rådgje og uttale seg i saker som gjeld eldre sine tilhøve og levevilkår. Rådet gir innspel til mellom anna høyringar og planar, og kan uttale seg i politiske saker som skal opp i andre utval, og fremme saker på eige initiativ. Rådet har sitt eige budsjett, noko som bidrar til at rådet kan samarbeide med andre eldreråd i kommunane og fylkeskommunane. Budsjett- og rekneskapansvar er lagt til administrasjonen.

På lik line med andre politiske organ i fylkeskommunen, vert fylkeseldrerådet sine saksdokument og saksprotokollar frå rådet sine møter gjort tilgjengelege på Vestland sine nettsider. I tillegg vert møta streama og kan sjåast i opptak på Vestland sine nettsider.

Fylkeseldrerådet i 2020

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar slo seg saman til Vestland fylkeskommune 01.01.2020, og i det samband vart det oppretta eit heilt nytt fylkeseldreråd. Fylkeseldrerådet i Vestland vart oppnemnde av fylkestinget i møte 15. oktober 2019, og oppretta for den fylkeskommunale valperioden. Etter konstituerande møte i rådet 25.11.2019 med ni medlemar, vart verva fordelt slik: Harald Ekroll, leiar og Vigdis Ravnøy, nestleiar.

Fylkeseldrerådet i 2020 hadde eit budsjett på kr. 515.000.

I tillegg til utfordringar knytt til samanslåinga, var 2020 i stor grad prega av covid-19-pandemi. Etter midten av mars vart det eit spesielt år for rådet, med flest digitale møte. Covid-19 gjorde at den digitale kunnskapen vart auka betrakteleg.

Det vart halde opplæringsmøte for folkevalde organ i reglement/delegering og folkevalde i Vestland sine rettar og plikter.

Det vart mykje skifte i sekretærfunksjonen til rådet og vi hadde fire forskjellige sekretærar å forhalde oss til. Dette skapte ei del utfordringar, men frå oktober vart det tilsett ny fast sekretær, så no fungerer dette godt.

Rådet vart tidleg oppteken av at moglegheit for å kunne nå tak i sakene så tidleg, at det faktisk var mogleg å påverke resultatet, ikkje var god nok. Etter fleire møte med administrasjonen om saka vart det på slutten av året sett i gang eit arbeid for å få til forbetringar. Arbeidet er i gang og vi har god tru på at arbeidet gjev resultat.

Rådet har også teke opp ei sak om godtgjersle for deltaking i andre møter enn rådsmøta. Vi har så langt ikkje nådd fram med ønskja.

Mitt inntrykk er at samarbeidet i rådet har vore godt og at dei einskilde medlemane bidrar godt med sin kunnskap og viten.

Blant sakene som vart handsama er det nokre som har peika seg ut særskild. Dei viktigaste sakene rådet handsama i 2020 er følgjande:

- Budsjett for 2020 og økonomiplan 2021 – 2024.
- Møteplan for eldrerådet for 2020.
- Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024.
- Eldrerådskonferanse 2020 (i ein annan regi og digitalt pga. korona).
- Vestlandskonferansen 2020 i Rogaland (måtte avlysast pga. koronaen).
- Handlingsplan for Fylkeseldrerådet i Vestland 2020 – 2023.
- Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysning og tildeling av tilskot.
- Servicelinja i Bergen – aldersvenleg transport.
- Regional transportplan 2020 – 2024.
- Nasjonal transportplan 2022 – 2033.
- Utfordringar knytt til bestilling og betaling av offentleg transport.
- Tannhelseopplegget i Vestland fylke.
- Handlingsplan for universell utforming – innspel.
- Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022 – 2025.

- Deltaking i koordineringsgruppa i Leve heile livet prosjektet til Statsforvaltaren i Vestland.
- Delteke som brukarrepresentant i E-helse Vestland.
- Deltaking i KS sitt nettverk for aldersvenleg samfunn.
- Handlingsprogram for kollektiv 2020 – 2023.
- Forslag til regulering av pasientforløpet i spesialisthelsetenesta – høyring.
- Utvida TT-ordning – tildeling av midlar 2020.
- Regional plan for næringsutvikling og innovasjon Vestland – Planprogram.
- Frie og hemmelege val – ny vallov. Innspel til høyringsuttale.
- Innspel til Handlingsprogram for trafikktrygging Vestland 2022 – 2025.

Til slutt ei takk til alle som har nytta seg av rådet som samtale-/innspelspartner i saksførebuing, og har bidratt med orienteringar på våre møte.

Samansetning av rådet

For valperioden 2019-2023 har rådet slik samansetning:

Medlem: **Kurt Johnny Hæggernæs**, Pp
 Varamedlem: **Kirsten Lunde Juvik**, FNB

Medlem: **Kristina Vaktskjold Hamre**, KrF
 Varamedlem: **Henrik Oppen**, Ap

Medlem: **Harald Ekroll**, Postpensjonistane S&Fj
 Varamedlem: **Arne Rognaldsen**, Postpensjonistane S&Fj

Medlem: **Kristoffer Skjolden**, Pensjonistforbundet
 Varamedlem: **Aud Karin Netland**, Utdanningsforbundet S&Fj

Medlem: **Gunvor Riim Opedal**, Pensjonistforbundet
 Varamedlem: **Solfrid Fossberg**, Pensjonistforbundet

Medlem: **Kjellbjørg Lunde**, Landsforbundet For Offentlege Pensjonistar
 Varamedlem: **Odd Himle**, Senior Norge

Medlem: **Martin Monrad Reigstad**, Pensjonistforbundet
 Varamedlem: **Inger Margrethe Lingjerde**, Pensjonistforbundet

Medlem: **Vigdis Ravnøy**, Pensjonistforbundet
Varamedlem: **Sigrun Marit Hansen**, Pensjonistforbundet

Medlem: **Berit Anita Knudtsen Larsen**, Øygarden elderåd
Varamedlem: **Bjørn Sivertsen**, Os Pensjonistforening

Fylkeseldrerådet har hatt møtesekretær/sakshandsamar/rådgjevar frå politisk sekretariat i fylkeskommunen. Dagmar Reutz Hillestad var sekretær for rådet i 2020. Åse Kittang og Lotte Lønnngård var også sekretærer mot slutten av året.



Fylkeseldrerådet i Førde, oktober 2020. (Kurt Johnny Hæggernæs var ikkje til stades.)

Deltaking i 2020

2020 vart prega av covid-19 og nedstigningane og den pålagde sosiale distanseringa, noko som igjen medførte at fylkeseldrerådet ikkje fekk deltatt på alle dei planlagde samlingane og konferansane. Noko vart likevel gjort digitalt. Nedanfor er ei oversikt over kva dei ulike rådsmedlemane deltok på i året som gjekk.

Møta i fylkeseldrerådet vart fordelt slik:

28.01.2020 10:00 Bergen
24.02.2020 10:00 Bergen
28.04.2020 10:00 Fjernmøte
26.05.2020 10:00 Fjernmøte
22.09.2020 10:00 Fjernmøte
27.10.2020 10:30 Førde
08.12.2020 10:00 Fjernmøte

Harald Ekroll

I koordineringsgruppa for Leve heile livet: 21.1 i Sogndal, fysisk, 15.4, 24.8, 1.12 og 15.12 alle digitalt.

Møte i senter for omsorgsforskning i Bergen 25.2, fysisk.

I gruppa som jobba fram webb-opplæring for eldreråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne:

29.4, 28.5, 4.6, 18.6, 12.8, 28.8, 22.9, 30.9, 3.11 og 10.11, alle møta digitalt

Webopplæring 15.9 og 2.10, digitalt

Kulturkonferanse 15.9, digitalt

Møte om Nasjonal transportplan på Skei i Jølster 27.2, fysisk

Konferanse om å leve livet med demens, webinar 21.10

Møte om tilrettelagt transport, 3.12, digitalt

Bufdir, digital samling 25.11

E-helse vestland møte i styringsgruppa som brukarrepr. 24.11, digitalt.

Aldersvenleg samfunnsplanlegging 16.9, digitalt

Møte med Bertil Søfteland 11.11 og 20.11, digitalt

Møte med Søfteland og Lotte Lynngård 17.11, digitalt

Møte om Regional transportplan

Konferanse Frivillig Norge 12.10

Kulturkonferanse 16.10, digitalt

Webinar Bolk 2, samarbeid 12.11, digitalt

Webinar om aldersvenlege lokalsamfunn 14.12, digitalt

Vigdis Ravnøy

Seks møter i fylkeseldrerådet i 2020.

Opplæring 1 dag (4.9.) på Sandsli.

Digitalt møte om Regional Transportplan
Digitalt og fysisk (på Raddison på Bryggen) om Norsk Transportplan.
Flere wienarar, mellom anna om demens og kultur.

Berit Anita Knudtsen Larsen

21/01/20 Koordineringsgruppe-regionalt støtteapparat Leve hele livet / Sogndal med USHT/KS/Fylkesmannen/eldrerådet, fysisk.
25/02/20 Leve hele livet/Bergen, med Fylkesmannens planavdelinga/ Høgskolen på Vestlandet, fysisk
13/02/20 Arbeidsgruppe for Leve hele livet /plan, fysisk
12/03/20 Arbeidsgruppe for Leve hele livet /plan, fysisk
08/05/20 Arbeidsmøte for Leve hele livet/planlegging fagdagar, digitalt
04/06/20 «»
25/06/20 «»
24/08/20 «»
28/09/20 «»
01/12/20 Digital Leve hele livet - konferanse 2020, digitalt
15/12/20 Koordineringsgruppen- regionalt støtteapparat Leve hele livet i Bergen m/fylkesmannen, digitalt
19/03/20 Nasjonal transportplan /SAS hotellet i Bergen, fysisk

Kristina Vaktskjold Hamre

28.01.20- Fysisk
24.02.20 -Fysisk
28.04.20- Digitalt
26.05.20- Digitalt
22.09.20- Digitalt
27.10.20- Fysisk

Martin Monrad Reigstad

Fysisk møte i Oslo med KS om aldersvenleg samfunn og 4-5 digitale møte.
Tre møter fysisk i Sogndal og Bergen i koordineringsgruppa med fylkesmannen
Arbeidsgruppe for planlegging av konferanse med kommunane, 3-4 møter har vore fysisk i Bergen, og 3-4 har vore digitale
To møte, eit fysisk og eit digitalt med opplæring
Møte i Bergen om høyring sentral transportplan
To digitale møte om regional transportplan
Digitalt møte om seniorsaka
Fysisk møte med Fylkesordføraren i Bergen om framtidsplanar for fylkeskommunen

Gunvor Riim Opedal

21.01 møte i Sogndal Leve heile Livet (Ihl)

28.01 FYEL, Bergen

21.02 NTP, Stord

24.02 FYEL, Bergen

25.02 Ihl, Bergen

28.04 FYEL, digitalt

26.05 FYEL, digitalt

22.09 FYEL, digitalt

02.10 Seminar Eldreråd, digitalt

27.10 FYEL, Førde

01.12 Ihl konferanse, digitalt

15 12 Ihl webinar

Politiske saker

Fylkeseldrerådet handsama 53 referatsaker og 40 politiske saker i 2020, fordelt på sju møte.

PS 1/2020	Fastsetting av møteplan for fylkeselderådet 2020
PS 2/2020	Invitasjonar og tema for orienteringar i møter 2020
PS 3/2020	Fylkeseldrerådet - deltaking i KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn
PS 4/2020	Søknad om forskottering - gang- og sykkelveg Fv 60 Loen -Solvik/Rake
PS 5/2020	Byvekstavtale bergensområdet 2019-2029. Framlegging av ferdigforhandla avtale til politisk handsaming
PS 6/2020	Høyringsfråsegn - fartsgrense på motorveggar og vegstandard med ÅDT 6000-20000
PS 7/2020	Integrasjon av kollektivområdet i Vestland fylkeskommune
PS 8/2020	Handlingsprogram for kollektiv 2020-2023
PS 9/2020	Eldrerådskonferansen 2020
PS 10/2020	Vestlandskonferansen 2020
PS 11/2020	Fylkeselderådet - handlingsplan for rådet for perioden 2019-2023
PS 12/2020	Fylkeseldrerådet - oppfølging av saker og planlagde aktivitetar våren 2020
PS 13/2020	Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024
PS 14/2020	Møteplan for fylkeseldrerådet 2020 - endring
PS 15/2020	Einerettar for drosje
PS 16/2020	Fylkeseldrerådet - handlingsplan for perioden 2019-2023, oppfølging av sak
PS 17/2020	Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024, oppfølging av sak
PS 18/2020	Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysing og tildeling av tilskot

PS 19/2020	Høyring - Forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetenesta
PS 20/2020	Vidareføring av servicelina i Bergen - aldersvenleg transport
PS 21/2020	Fylkeseldrerådet - handlingsplan for perioden 2019-2023, endeleg godkjenning
PS 22/2020	Konferanse/opplæring kommunale råd i Vestland - deltaking og løyving
PS 23/2020	Høyring - Forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetenesta - oppfølging av sak
PS 24/2020	Bokbåtdrift i Vestland fylke
PS 25/2020	Møtegodtgjersle for andre møter enn tillyste rådsmøter
PS 26/2020	Oppnemning av representant og vararepresentant i brukarutvalet i Helse Førde
PS 27/2020	NOU 2020:06 «Frie og hemmelige valg – ny valglov» - innspel til høyringsuttale
PS 28/2020	Ombordtillegg på bruk av bankkort om bord på bussane i Hordalandskontraktane
PS 29/2020	Møteplan for 2021
PS 30/2020	Underregulering av pensjon
PS 31/2020	Forslag om å innføre krav om at kommuner og helseføretak skal avtale korleis dei saman skal planleggje og utvikle tenester - Høyringsuttale
PS 32/2020	Høyring av forslag om godkjenningsmodell for fritt brukervalg i dei kommunale helse- og omsorgstenestene
PS 33/2020	Utfordringar knytt til bestilling og betaling av offentleg transport
PS 34/2020	Innspel til arbeid med - Handlingsplan for universell utforming- frå Vestland fylkeskommune
PS 35/2020	Fastsetting av møteplan for fylkeseldrerådet 2021
PS 36/2020	Organisering av møte i Fylkeseldrerådet
PS 37/2020	Høyring frå Bergen kommune - Rullering av temaplan Omsorg med kunnskap - Plan for helseinstitusjoner og boliger med heldøgnsbemanning i Bergen kommune 2016-2030 Bergen kommune
PS 38/2020	Informasjon om pågåande arbeid med salskanaler
PS 39/2020	Innspel til arbeid med - Handlingsplan for universell utforming- frå Vestland fylkeskommune
PS 40/2020	Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20

Reglement

1. Samansetjing

Fylkeseldrerådet

Rådet skal ha ni medlemmer oppnemnde av fylkestinget. To av medlemene skal vere fylkestingsrepresentantar og sju medlemmer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer eldre. Fleirtalet av medlemene i fylkeseldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom medlemene. Val av leiar og nestleiar skal skje ved fleirtalsval.

Fylkeseldrerådet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

a. Medverknadsorgana kan innafor sitt arbeidsområde

o Gi uttale til forslag til økonomiplan og årsbudsjett

o Gi uttale til regionale planar som angår eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom

o Gi uttale til saker som andre fylkeskommunale organ legg fram

o Gi råd i alle saker som gjeld levevilkår for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd.

o Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd.

Medverknadsorgana kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Årsmelding frå medverknadsorgana vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli kvart år. Fylkesting for ungdom skal i tillegg leggje fram protokoll frå deira fylkesting samt det nye handlingsprogrammet.

Medverknadsorgana skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar.

b. Saker der medverknadsorgana har avgjerdsmynde

o Saker som gjeld eige organisasjon, til dømes budsjett.

c. Saker der medverknadsorgana gjev råd

o Saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom.

d. Fråsegner

o Medverknadsorgana kan innanfor sitt arbeidsområde gje sjølvstendige fråsegner, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

3. Arbeidsform

Medverknadsorgana skal ha minst seks møter kvart år og elles etter behov.

Vestland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- Leggje fram saker som angår eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom på eit så tidleg tidspunkt at rådet si uttale kan ha moglegheit til å påverke utfallet av saka.


- Auke kompetansen til medverknadsorgana i samband med administrative og politiske prosessar.

- Syte for eit tilfredsstillande sekretariat slik det kjem fram av kommunelova § 5-12 og forskrift knytt til denne.

- Nemne opp ein politisk kontaktperson for ungdommens fylkesting.

4. Saksbehandling

For medverknadsorgana gjeld Reglementet for saksbehandling så langt det passar.



vestlandfylke.no

Saksnr: 2020/44795-4
Saksbehandlar: Kari Steinsland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	14/21	15.04.2021

Pilot aldersvennleg transport i Bergen

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet sluttar seg til at det vert sett i verk pilot for aldersvennleg transport i Bergen.

Samandrag

Fylkesutvalet i sak PS 102/2020 bad om at det blei teke initiativ til eit samarbeidsprosjekt med Bergen kommune, som har til formål å iverksette utprøving av eit fleksibelt kollektivtilbod for eldre i tråd med tilrådingane i saka. Skyss har gjennom 2020 arbeida saman med Bergen kommune for å få på plass ein pilot for aldersvennleg transport, etter modell frå blant anna Ruter. Piloten skal ha som målsetting å auke kollektivtilgangen for eldre i eit bestemt område, og samtidig gi betre innsikt i korleis ny teknologi for bestillingstransport og dynamisk transport kan nyttast for denne aldersgruppa.

Vedlagt følger sak til fylkesutvalet om pilot for aldersvennleg transport i Bergen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksnr: 2020/44795-2
Saksbehandlar: Kari Steinsland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		23.03.2021
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		24.03.2021
Fylkeseldrerådet		15.04.2021
Fylkesutvalet		20.04.2021

Pilot aldersvennleg transport i Bergen

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner gjennomføring av pilot for aldersvennleg transport i Bergen. Piloten vil tilby tilrettelagt transport for ei målgruppe som har vanskar med å nytte det ordinære kollektivtilbodet. Piloten skal samtidig teste ut eit transporttilbod i kombinasjon med ny teknologi. Eit viktig mål i piloten blir å finna ut korleis denne teknologien best kan leggest til rette for eldre.

Samandrag

Fylkesutvalet i sak PS 102/2020 bad om at det blei teke initiativ til eit samarbeidsprosjekt med Bergen kommune, som har til formål å iverksette utprøving av eit fleksibelt kollektivtilbod for eldre i tråd med tilrådingane i saka. Skyss har gjennom 2020 arbeida saman med Bergen kommune for å få på plass ein pilot for aldersvennleg transport, etter modell frå blant anna Ruter. Piloten skal ha som målsetting å auke kollektivtilgangen for eldre i eit bestemt område, og samtidig gi betre innsikt i korleis ny teknologi for bestillingstransport og dynamisk transport kan nyttast for denne aldersgruppa.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak PS 102/2020 i fylkesutvalet presenterte Skyss rapporten «Aldersvennleg transport i Bergen». Her kjem det fram at 70% av innbyggjarane på 67 år og eldre i Tertnes-Salhus har dårleg kollektivtilgang og låg gang-tilgjengelegheit. Rapporten viser òg at kombinasjonen av dårleg gang-tilgjengelegheit, dårleg kollektivtilgang, befolkningstettleik, mengd og del eldre gjer at Tertnes-Salhus er eit egna område i Bergen for å teste konsept for aldersvennleg transport.

Målsetjinga med «Aldersvennleg transport» er å auka kollektivtilgangen for eldre ved å nytta seg av ny teknologi, som gjer det mogleg å laga eit dynamisk bestillingstilbod. Skyss si erfaringa frå «Hent meg» i Odda er at både tilrettelegging av tilbodet, og teknologien rundt dette, gav dei eldre utfordringar. Tilbodet vart derfor justert ved årsskifte på bakgrunn av denne tilbakemeldinga. Samtidig erfarer vi at Ruter får svært gode tilbakemeldingar frå dei eldre på sitt tilbod om aldersvennleg transport. Piloten vil og kunne leggja til rette for andre grupper som har utfordringar med å komma seg rundt i kvardagen. Dette kan gi verdifull innsikt for moglege endringar i framtidig tilrettelegging av transport for fleire grupper.

Piloten legg og til rette for at Bergen kommune kan greia ut eventuelle positive ringverknader som kjem av å gi denne målgruppa auka tilgang til kollektivtilbod ved m.a. å måla endringar i tal deltakarar i aktivitetstilbod, og samanlikne dette med andre bydelar som ikkje har eit tilsvarande tilbod.

Konseptet baserer seg på ein dynamisk bestillingsbuss som køyrer på bestilling innanfor ei definert sone, måndag til laurdag, mellom klokka 10:00 og 18:00. Bussen vil henta kundane heime og køyra dei til der dei skal, innanfor sona. Pilot i Tertnes vil treffe om lag to tusen personar som er 67 år eller eldre, og kan gi dei ei moglegheit til enklare reiser innanfor sitt nærområde. Dette inkluderer Åsane terminal som gir gode koplingar til kommunale tilbod i Åsane, og overgang til resten av Bergen. Kundane vil enten kunna tinga bussen via ein applikasjon, eller ringa inn til Skyss sitt kundesenter.

Målsetting med pilot

Bergen kommune har i sin plan «Et eldrevennlig Bergen - Seniorplan for Bergen kommune 2019-2024» etablert ei målsetting om at det skal være enkelt og trygt for alle å bevege seg rundt og komme dit ein skal. Bergen skal være en by som prioriterer fotgjengarar, universell utforming og aldersvennleg transport. Målsettingar om redusert personbiltransport og tilrettelegging av gåbyen, skal ta omsyn til eldre og andre som kan ha vanskar med å røra seg til fots.

Kunnskap og kompetanse er avgjerande for verdiskapinga og konkurransekrafta til Vestlandet. Rask teknologiutvikling gjer at det opnar seg nye utfordringar og moglegheiter i høgare tempo enn før. Det er ikkje lenger nok å planlegge for dagens behov, vi må skaffe innsikt i kva endringar som kjem og korleis desse kan nyttast til beste for brukarane. Aldersvennleg transport er ei teneste som vil kunne bidra til å løyse sosiale utfordringar på nye måtar. Ny teknologi kan gi eit betre og meir effektiv transporttilbod, men det kan samtidig gi utfordringar for brukarane. Desse utfordringane vil det vera sentralt for prosjektet å utforska.

Ein pilot for aldersvennleg transport som har som mål å auke mobiliteten for eldre er i tråd med dei mål som fylkeskommunen og Bergen kommune har sett.

Oppstart av pilot

Prosjektet jobbar for at pilot skal kunne starte hausten 2021. Oppstart av pilot vil likevel vere avhengig av at interne ressursar for oppfølging av pilot er tilgjengeleg og at det er mogleg å skaffe rett køyretøy for denne typen transport fram mot sommaren 2021.

Organisering av arbeidet

Prosjektet og piloten blir gjennomført i samarbeid med Bergen kommune og MUST. Bergen kommune vil ta hovudansvar for dialog med brukarane og vil saman med mobilitetskompetanse frå MUST, evaluera tilbodet. Ved at dette prosjektet òg nyttar MUST sitt nettverket får prosjektet tilgang til mobilitetskompetanse og metodestøtte til pilotering og kunnskapsdeling.

Tidshorisont for pilot

Det vil ta tid å endra vanar og skaffa god kunnskap om korleis tilbodet og teknologien best blir lagd til rette for brukargruppa. Det er derfor ynskjeleg at piloten går over to år.

Kostnader og finansiering av pilot

Kostnader til drift av piloten vil utgjere om lag 3 MNOK. per år. Piloten blir gjennomført i tett samarbeid med Bergen kommune, men blir finansiert gjennom Skyss si drift for 2021. Etter 2021 må finansiering av drifta vere del av budsjettet for det enkelte år.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd (2.1.7. Andre oppgåver).

Vurderingar og verknader

Økonomi: Pilot blir finansiert gjennom Skyss si drift, løyvingssområde buss.

Klima: Dynamisk transport/bestillingstransport vil stå i ro når kundar ikkje ber om transport. Dette kan gi innsparingar i køyrde kilometer og dermed lågare utslepp enn om tilsvarende tilbod hadde køyrd med faste ruter. For mange eldre er og personbil einaste alternativ. Dette tilbodet vil kunne medføre redusert bruk av personbil.

Folkehelse: Tiltaket vil bidra til å redusera utanforskap og gi eldre og andre med utfordringar med å komma seg rundt i kvardagen tilgang til eit kollektivtilbod.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Tiltaket støttar opp under fleire mål i utviklingsplanen der piloten gir innsikt i bruk av ny teknologi samtidig som den skal gi eit betre tilbod til eldre.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at det vert gjennomført pilot for aldersvennleg transport i Bergen slik det kjem fram i saka. Tiltaket kan bidra til eit funksjonelt og attraktivt kollektivtilbod som gjer det lett og trygt for eldre å reise kollektiv. Tiltaket bidrar og til innovasjon og læring om ny teknologi. Kostnader til gjennomføring av pilot vil bli dekkja innanfor budsjettet til løyvingssområde for buss.

Saksnr: 2020/77154-89
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	15/21	15.04.2021

Høyring planprogram - regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet gir høyringsuttale til planprogram for Regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035.

Samandrag

Planprogram for Regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 er lagt ut på høyring. Plantema er Vestland som ein leiande kulturregion, eit berekraftig kulturliv, deltaking, medborgarskap og mangfald, og kulturell verdiskaping. Fylkeseldrerådet vert invitert til å komme med høyringsuttale.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Lotte Lynngård
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Høyringsbrev planprogram - invitasjon til innspel møte 16.03.21
- 2 Høyringsutkast - Planprogram - regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet vedtok 03.03.21 å sende framlegg til planprogram for Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 Vestland på høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 7-1. Planprogrammet skal gjere greie for føremål med arbeidet og planprosessen, medverknad, og tema som skal utdjupast, og sjå på behov for utgreiingar.

Planen er ein langsiktig plan (12 år) for utvikling av kulturfeltet i heile Vestland fylke. Plantema er derfor overordna, og relevante for heile planperioden. Tema skal bidra til å skape eit meir heilskapleg kulturfelt .

Det går fram av høyringsbrevet at det er fire sentrale tema i det vidare planarbeidet som det særleg ønskast innspel til. Dei tema er:

- Vestland som ein leiande kulturregion
- eit berekraftig kulturliv
- deltaking, medborgarskap og mangfald
- kulturell verdiskaping

Det vart arrangert tre digitale høyringsmøte 16. mars 2021, og medlemane i rådet fekk tilbod om å delta. I tillegg vart rådet invitert til arbeidsseminar 9. april 2021.

Vedlagt er høyringsbrev og utkastet til planprogrammet.

Høyringsfristen er 20. april 2021.

Vedtakskompetanse

Fylkeseldrerådet kan gi uttale til regionale planar som angår eldre, jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for medverknadsorgana, punkt 2 «Oppgåver».

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vil påverke budsjett og økonomiplan på sikt. Det er satt av ressursar i eksisterande budsjett.

Klima: Ein vil sjå på målsettingane i utviklingsplanen for klima og miljø og FN sine berekraftsmål.

Folkehelse: Bidra til å redusere sosial ulikskap, gi meiningsfullt innhald gjennom deltaking og sosiale og kulturelle samankomstar. Bidra til inkludering.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Planarbeidet støttar opp om og oppfyller utviklingsplanen sine mål.

For nærare om vurderingar og verknadar, sjå saksframlegg til PS 14/21 i hovudutval for kultur, idrett og inkludering.

Konklusjon

Fylkeseldrerådet kan gi innspel og høyringsuttale til utkastet til planprogram Regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035.

Adresseliste

Høyring planprogram - regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 Vestland. Invitasjon til innspelsmøte 16.03.21

Fylkesutvalet vedtok 03.03.21 å sende framlegg til planprogram for *Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 Vestland* på høyring og offentlig ettersyn etter plan- og bygningslova § 7-1.

Vi ønsker innspel innan høyringsfristen 20. april 2021.

Det vert arrangert digitale høyringsmøte 16. mars 2021. Meir informasjon om planarbeidet finn de på Vestland fylkeskommune sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv> .

Bakgrunn:

Føremålet med regionale planar er å mobilisere og samordne innsatsen i fylket og fremje brei, open og inkluderande verdiskaping. Arbeidet med ein regional plan skal byggje på eit planprogram. Planprogrammet gjer greie for føremålet med arbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, medverknad, alternativ som vert vurderte, og behovet for utgreiingar.

Regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 skal formulere viktige utfordringar, sette strategisk retning og syne korleis kultur, idrett og friluftsliv kan bidra i samfunnsutviklinga. Den plasserer ansvar, og mobiliserer stat, kommunar og sivilsamfunn i heile Vestland til samhandling. Fylkeskommunen koordinerer og driv fram planarbeidet i kraft av sitt regionale planmynde.

Dette er ikkje ein fylkeskommunal plan, men ein plan for heile Vestland. Planen har ei geografisk (Vestland fylke) og ei tematisk avgrensing (det breie kulturfeltet), og eit 12-årig perspektiv.

Planprogrammet gjer framlegg om fire plantema. Desse skal vere så relevante som mogeleg, vere utgangspunkt for arbeid på tvers av sektorane, og løfte fram kultur i realisering av den vedtatte utviklingsplanen for Vestland.

- Vestland som ein leiande kulturregion
- Eit berekraftig kulturliv
- Deltaking, medborgarskap og mangfald
- Kulturell verdiskaping

Plantema vert nærare skildra i planprogrammet sitt kapittel 6.

Vestland fylkeskommunen inviterer alle relevante aktører til å gi høyringsinnspel. Særleg gjeld dette følgande:

- val av plantema
- problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
- medverknad i planarbeidet
- andre relevante innspel i planarbeidet

Meir informasjon om planarbeidet finn de på Vestland fylkeskommune sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv>.

Digitale høyringsmøte

Det vert arrangert fleire digitale høyringsmøte **16. mars 2021**. Møta vert innretta etter ulike deltakargrupper, men det er høve til å melde seg på det/dei møta ein ønskjer å delta på uavhengig av organisasjonstilknytning. Meir informasjon finn de nettsida vår. **Påmeldingsfrist er 14. mars 2021**.

Vi ønskjer at de sender innspel via skjema på høyringssida, men innspel kan også sendast til post@vlfk.no. Merk innspela med referanse 2021/2427.

Høyringsfristen er 20. april 2021.

Eventuelle spørsmål kan rettast til:

Sissel Lillebø Aarseth, sissel.lillebo.aarseth@vlfk.no, mob. 911 52 030.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
konstituert seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift



Høringsutkast
mars 2021

Planprogram regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035

Innhold

1.	Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv - Vestland.....	4
1.1.	Føremål med planarbeidet	5
1.1.1.	Samfunnsoppdrag.....	6
1.1.2.	Visjon for planarbeidet.....	6
1.1.3.	Mandat.....	6
1.2.	Viktige omgrep.....	7
1.3.	Namn på planen	9
2.	Rammer og føringar for planarbeidet.....	10
2.1.	Bruk av regional plan i Vestland sitt plansystem	10
2.2.	Utviklingsplan for Vestland.....	10
2.2.1.	FN sine berekraftsmål	11
2.3.	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023.....	12
2.4.	Nasjonale mål for kultur, idrett og frivilligheit	13
2.5.	Gjeldande regionale planar.....	15
2.6.	Tverrgåande tema.....	16
3.	Prosess for utarbeiding av regional plan	17
4.	Organisering og deltaking	18
4.1.	Politisk organisering	18
4.2.	Administrativ organisering	19
4.3.	Deltaking og medverknadsprosessar.....	20
5.	Kunnskapsgrunnlag	22
5.1.	Demografi.....	22
5.2.	Norsk kulturindeks 2020.....	24
5.3.	Idrettsindeksen 2017.....	24
5.4.	Særtrekk i ulike delar av Vestland	25

5.5.	Utfordringar for fylket og regionane	25
5.6.	Utgreiingar / behov for nye utgreiingar	26
5.7.	Konsekvensutgreiingar	26
6.	Plantema	28
6.1.	Vestland - ein leiande kulturregion.....	29
6.2.	Eit berekraftig kulturliv.....	31
6.3.	Deltaking, medborgarskap og mangfald	33
6.4.	Kulturell verdiskaping	36
7.	Vidare arbeid og framdrift.....	38



1. Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv - Vestland

Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi), viser at vi skal utarbeide ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Utviklingsplanen sine mål og strategiar skal omsettast til kultursektoren. Arbeidet startar opp i 2021 og går over 2 år. Planen er ein revisjon av dei to gjeldande regionale kulturplanane og vil gjelde frå 2023 til 2035.


Regionale planar har ei viktig rolle i å mobilisere og samordne innsatsen i fylket og fremje brei, open og inkluderande verdiskaping.

Plan- og bygningslova styrer arbeidet med ein regional plan, og har reglar og retningslinjer for prosess og deltaking i planarbeidet. Dette vert oppfylt i planarbeidet, men fylkeskommunen har også ein ambisjon om ei deltaking som går utover minimumskravene i lova. Dette fordi ein regional plan gjeld for alle regionale aktørar i fylket, kommunane og stat.

Regionreforma skal sikre vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile Noreg. Fylkeskommunen har fått ei sterkare rolle som samfunnsutviklar og skal legge til rette for ei samordna oppgaveløysing på tvers av sektorar. Kultur er ein viktig faktor i den heilskaplege samfunnsplanlegginga og det utvida kulturomgrepet er lagt til grunn for satsingane i regional plan. Det har vore ei avgrensa oppgaveoverføring frå staten til fylkeskommunane, der ein har fått overført oppgåver innan kulturminneforvaltning, friluftsliv og integrering/inkludering.

Ein regional plan vil vere ein overordna plan som skal fange viktige samfunnsutfordringar, sette strategisk retning og syne korleis kultur, idrett, friluftsliv, m.v. kan bidra i samfunnsutviklinga. Den skal også plassere ansvar og mobilisere for samhandling om gjennomføring. Dette skal ein få til gjennom å mobilisere kommunar og kulturliv i heile Vestland saman med stat og regionale institusjonar og organisasjonar som forskingsmiljø, høgskule og KS i ein deltakande prosess. Fylkeskommunen koordinerer og «dreg lasset» i heile planarbeidet i kraft av sitt regionale planmynde.

Dette kan sjåast slik:



Planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Innleiinga til planarbeidet er å lage ein plan for planen, eit planprogram. I framlegget til planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 – 2035 vert prosessen skildra, med ein overordna tidsplan, framlegg til organisering og medverknad i prosessen. Det er også gjort framlegg om fire sentrale plantema for å starte opp diskusjonen om innhaldet i planarbeidet. Planprogrammet vert sendt på høyring til relevante aktørar i kulturfeltet. Fylkeskommunen inviterer til å gi høyringsinnspel på framlegget.

Vi ønskjer særleg innspel til:

- val av plantema
- problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
- medverknad i planarbeidet
- andre relevante innspel i planarbeidet

Etter høyringsfristen sitt utløp vert mottekne høyrings svar vurdert før utarbeiding av eit ferdig planprogram.

Arbeidet med regional plan vert så starta opp etter dei føringane som er gitt i det endeleg vedteke planprogrammet.

1.1. Føremål med planarbeidet

Føremålet med planen er å peike ut ei retning for sektoren i Vestland, dvs. å lage politikk for det breie kulturfeltet. Dette er ikkje ein fylkeskommunal plan, men ein plan for heile fylket, og ein føreset samarbeid mellom kommunar, frivillig sektor, institusjonar og verksemder, stat og fylkeskommunen.

I planarbeidet held vi oss til det utvida kulturomgrepet der planen vil omfatte heile feltet, det vil seie kulturarv, kulturformidling, idrett og friluftsliv, profesjonell kunst og kultur, kulturinstitusjonane og frivilligheita. Inkludering og integrering er eit gjennomgåande perspektiv i all regional planlegging. Som ein del av prosessen fram til planvedtak, vil vi konkretisere prioriterte satsingar dei neste 12 åra, og korleis heile regionen skal samarbeide og dra saman for å oppnå dei visjonane og prioriteringane som vert peika ut i planarbeidet.

Planen har både ei geografisk (Vestland fylke) og ei tematisk avgrensing (til kulturfeltet). Men vi skal søke samarbeid mellom forvaltningsnivåa, der både kommune og stat er viktige deltakarar i prosessen. Vi skal også søke samarbeid med andre sektorar der vi kan utvikle og løyse viktige oppgåver for det breie kulturfeltet.

Planen har eit 12-årig perspektiv og vert nytta til viktige utfordringar i fylket, der fylkeskommunen er sentral som samordnar mellom forvaltningsnivå og mellom sektorar. Fylkestinget er planmynde og skal vedta planen.

Regionen har fått nye oppgåver frå staten innan friluftsliv, kulturarv og integrering. Alle desse tema føreset samarbeid og partnerskap mellom dei regionale aktørane.

Resultat av denne prosessen kan føre til at vi :

- Viser og styrker kulturens si samfunnsbyggjande kraft
- Bidreg til å utvikle store og små samfunn i heile Vestland
- Bidreg til å utvikle den nasjonale kulturpolitikken

- Styrker fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle

1.1.1. Samfunnsoppdrag

Fylkeskommunen har fått eit utvida mandat som regional planstyresmakt. Der har vi eit ansvar for å samordne og mobilisere aktørar i offentleg sektor, næringsliv og sivilsamfunn, og vi skal sette retning for samfunnsutviklinga.

Utviklingsplan for Vestland set retning i kapittel 2.1. gjennom at *«Det første fylkestinget i Vestland vedtok i desember 2019 samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune. Intensjonen er å skape ein felles kultur og identitet i det nye fylket. Den langsiktige visjonen «Nyskapande og berekraftig» stakar ut kursen for den regionale politikken».*

Kommune- og regionreforma styrker det lokale sjølvstyret og gir fylkeskommunane ei tydelegare rolle som samfunnsutviklar. Dette inneber å gje tydeleg strategisk retning til samfunnsutviklinga, mobilisere ulike aktørar og samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk. Den nye rolla til Vestland fylkeskommune er utmeisla i organisasjonen si eiga formulering av samfunnsoppdraget: *«Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland».*

Kulturfeltet er kjenneteikna av openheit og høg kompetanse gjennom samfunnskritisk, kreativt dannelsings- og innovasjonsarbeid. Dette er ein styrke der vi i stor grad kan bidra til å fremje ei berekraftig nyskaping av Vestland.

1.1.2. Visjon for planarbeidet

Ein førebels visjon om at vi skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv i heile fylket til glede og nytte for alle innbyggjarane vert lagt til grunn for planarbeidet.

I tillegg legg ein til grunn ambisjonen om at kulturfeltet skal bidra til utvikling av Vestland gjennom kulturen sin skapande og samfunnsbyggande kraft.

Denne visjonen vert justert, vidareutvikla og forma gjennom planarbeidet.

1.1.3. Mandat

Utviklingsplan for Vestland sitt mål om Vestland som leiande kulturregion skal vere førande for arbeidet.

Planarbeidet skal inkludere relevante aktørar innan det breie kultur, idrett og frivilligfeltet, kommunane og representantar frå regional stat. Planarbeidet skal vere ein open prosess og syte for medverknad og deltaking i både skildring av utfordringar og behov og i utarbeiding av framtidens kulturpolitikk i Vestland.

Kulturfeltet har som særtrekk at det i stor grad ikkje er lovregulert som t.d. opplæringsfeltet. Dette gjer regional planlegging og samordning viktig. Det er også ei utfordring å samordne mellom forvaltningsnivåa kommune, fylke og stat, jf. pbl. § 8-2.

Innfallsvinkelen til planlegginga er å trekke opp dei breie utfordringane som er aktuelle innan feltet og identifisere på-tvers satsingar der regionen kan spele ei avgjerande rolle både internasjonalt, nasjonalt

og lokalt. Planarbeidet skal vise tverrsektorielle utfordringar og konkretisere behov for ev temaplanar og strategiar.

1.2. Viktige omgrep

Kulturfeltet er mangfaldig. Det same gjeld forståinga av omgrepet.

Kulturfeltet eit samleomgrep for mange sektorar

Det breie kulturfeltet er vidt og mangfaldig. Det dreier seg om så vidt forskjellige felt som kunst og kultur, idrett og friluftsliv, kulturminne og kulturarv, den kulturelle grunnmuren i kommunane der både møteplassar, bibliotek og kulturhus er viktige, anlegg for fysisk aktivitet og for kunst og kultur, arkiv og kulturhistorie, kunnskap, om og tilhøyrse til ein stad, formidling av kunst og kultur, frivillig arbeid og engasjement og kulturell og kreativ næring. Opplevingsøkonomien er sterk, med t.d. reiseliv, filmnæring og turisme basert på kulturell eigenart.

Det er difor utfordrande å omhandle og omtale feltet under eitt. Målsettinga med den regionale planen er likevel å finne fellesnemnarar og felles satsingar som heile feltet kan einast om og trekke saman fram mot felles mål, der alle sektorar arbeider etter eigne føresetnader.

Når ein i planen snakkar om kulturfeltet inkluderer dette alle sektorane innan feltet, ingen vert ekskludert i det store fellesskapet sjølv om nemninga kan vere framand for enkelte sektorar.

Kultur som samfunnsbyggande kraft

Kunst og kultur kan hjelpe oss å forstå og utfordre oss sjølve og samfunnet vi lever i. Kunst og kultur har ein eigenverdi, og er ein viktig utviklingsfaktor for enkeltmenneske, grupper og samfunnet som heilskap. Kulturlivet bidreg til å utvikle og utfordre identiteten vår, men også til å utvide fellesskapet og skape større mangfald. I krisetider vert det spesielt synleg at kulturlivet evnar å mobilisere til kreativ omstilling og styrka samhold. Vestland har tradisjon for eit rikt og desentralisert kulturliv, med eit mangfald av tilbod i lokalsamfunna. Deltaking er kompetansebyggande og bidreg til livslang læring. Dette skal vi bygge vidare på som ressurs for skaping, oppleving og innovasjon, gjennom godt samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit og profesjonelle aktørar. På same tid ligg erkjenninga av storbyen Bergen si sentrale rolle som drivkraft til grunn for planarbeidet. I tillegg er regionsentera viktige med sterke fag- og produksjonsmiljø som kjem heile regionen til gode.

Bygd på desse ressursane skal Vestland skal vere pådrivar for eit sterkt og uavhengig kunst- og kulturliv med førsteklasses kvalitet, og ta ein sentral plass på den nasjonale og internasjonale scena.

Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida Meld. St. 8 (2018–2019)

Sidan førre kulturmelding (*Kulturpolitikk fram mot 2014. Stortingsmelding nr. 48 (2002–2003)*) har Stortinget initiert fleire ulike utgreiingar om deler av kulturfeltet, og den mest omfattande er Enger-utvalet si Kulturutgreiing frå 2014. *Kulturens kraft* bygger i stor grad på det arbeidet som vart gjort med denne. *Kulturens kraft* legg få konkrete føringar for dei enkelte delane av kulturlivet, men lager ei sterk ideologisk overbygning for kulturpolitikken der ein plasserer kultur inn i samfunnet og samfunnsutviklinga som ein grunnleggande del av eit fungerande demokrati. Tidlegare meldingar har i større grad har peikt på konkrete kulturområde, definert tiltak og nokre gonger summar. *Kulturens kraft* skal følgast opp av strategiar for ulike deler av kulturfeltet.

Det vert altså lagt vekt på kultur som ytring og at kultur skal angå alle. Representativitet og relevans er viktige omgrep i meldinga, og kulturen plass i demokratibygginga. Meldinga spør - og svarar på - kvifor vi skal ha, og finansiere kultur i eit samfunn. Det er også opp til eit fritt og uavhengig kulturliv å svare på dette og fylle si rolle. Meldinga plasserer kulturen i samfunnet som ei kraft og ikkje eit reiskap for noko anna.

Kulturen si samfunnsbyggande kraft vert viktig for innretninga av planarbeidet også i Vestland. Hovudbodskapen i meldinga er at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og at eit rikt og variert kulturliv er ein føresetnad for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati gjeld i på alle nivå. Eit fritt kulturliv kan skape refleksjon og innsikt om verdiar, identitet og samfunn, og slik fremje toleranse og forståing for andre og oss sjølve. Dette er tankar og tema som også er omtalt i våre tidlegare regionale kulturplanar, og som vi truleg vil vidareutvikle i den kommande planen.

Det er sentralt at meldinga gjer ansvaret for den nasjonale kulturpolitikken til eit delt ansvar – mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Dei overordna måla som meldinga presenterer vert dermed også relevante og gjeldande for den regionale kulturpolitikken og planarbeidet.

Det utvida kulturomgrepet

Det utvida kulturomgrepet har ligge til grunn for norsk kulturpolitikk sidan 1970-tallet.

Det er ikkje alltid klart kva dette nye kulturomgrepet inneber, men eit grunntrekk synst å vere at ein legg vekt på eit vidare register av faktorar som er med og gir livsmiljøet kvalitet. Særleg blir verdien av skapande eigenaktivitet i alle skiftande former sterkare understreka enn før.

Et uttrykk for at det utvida kulturomgrepet framleis er retningsgjevande for norsk kulturpolitikk, finn ein i kulturlova frå 2007 der det gjennomgåande vert snakka om offentlege styresmakter si plikt til å legge til rette for og fremme kulturverksemd der ein både skal

- a) skapa, produsera, utøva, formidla og distribuera kunst- og andre kulturuttrykk,
- b) verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv,
- c) delta i kulturaktivitet,
- d) utvikla kulturfagleg kunnskap og kompetanse

En fordel med et slikt opent kulturomgrep er at det gir fleksibilitet til å tilpasse kulturpolitikken til samfunnsendingar over tid. Mange av innvendingane som har blitt reist mot det utvida kulturomgrepet knyter seg til den same openheita.

Den kulturelle grunnmuren

Omgrepet vart tatt i bruk av Enger-utvalet i Kulturutgreiinga 2014, og omfattar folkebibliotek, kulturskular, kino, den lokale kulturfrivilligheita og fritidsklubbar.

Partnarskapen

I denne samanhengen vert omgrepet brukt som ein felles nemning for alle deltakande aktørar i planarbeidet. Plan og bygningslova definerer kven som skal vere ein del av planarbeidet og kven som bør vere ein del. Alle desse er inkludert i partnarskapen. Stat og kommunane har rett og plikt til å samarbeide i utarbeidinga av regional plan. Regionale institusjonar, kunst og kulturlivet, frivillig sektor og

institusjonar *bør* vere ein del av planarbeidet. Dei er ikkje bundne opp til å delta, men er berørte partar og interessentar. Difor er det eit ønskje at dei er med.

1.3. Namn på planen

Utviklingsplanen seier at det skal utarbeidast ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Dette er ikkje nærare drøfta i utviklingsplanen, men regional plan skal i utgangspunktet dekke eit stort og variert fagfelt som dreier seg om inkludering og integrering, kunst, kultur og frivilligheit, kunstformidling, bibliotekutvikling, kulturarv, arkiv og idrett og friluftsliv.

Dette vert ein plan som skal spegle utfordringar i samfunnet, og vise korleis kultur, idrett, friluftsliv, osb. kan bidra som samfunnsskapande kraft i utvikling av Vestland.

Utfordringa vert å finne eit dekkande namn som speglar samtida og som gir retning for utviklinga av feltet. Dette vert arbeid vidare med i planprosessen.

2. Rammer og føringar for planarbeidet

Plan og bygningslova styrer eit heilskapleg og samanhengande plansystem, der det ligg ulik mynde til ulike forvaltningsnivå, stat, fylke og kommune. Fylkeskommunen er regional planmynde og skal koordinere regional planlegging med deltaking frå kommune og stat. Det er viktig å styrke koplingane mellom måla i vedteken Utviklingsplan for Vestland og regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

Den vidare prosessen med planarbeidet må avklare om eksisterande føringar, premissar og analysar skal leggest til grunn eller om desse må oppdaterast.

2.1. Bruk av regional plan i Vestland sitt plansystem

I Vestland sitt plansystem er regionale planar omtala slik:

«Regionale planar kan utarbeidast for prioriterte tema der det er behov for regional samordning. I første rekke tema som gjeld fleire forvaltningsnivå og som hovudregel fleire sektorar. Regionale planar er heimla i Plan- og bygningslova §§ 8-1 til 8-5 og skal utarbeidast på grunnlag av regional planstrategi. Regionale planar skal ha eit handlingsprogram som viser korleis planane kan gjennomførast.

Regionale planar skal som hovudregel ha ein planperiode på tolv år og bør vere overordna strategiske styringsverktøy som er fleksible og står seg over heile tidsperioden. Spørsmål om behov for revisjon, forlenging eller utfasing vert vurdert kvart fjerde år i regional planstrategi. Behov for rullering av handlingsprogrammet vert vurdert kvart år».

Plan og bygningslova legg føringar for prosessen med å utarbeide regional plan. Det skal utarbeidast eit planprogram (jf. pbl §8-3) som skal vise føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva alternativ som vert vurdert og ev. behov for utgreiingar (§4-1).

Forslag til planprogram vert sendt på høyring, og vert lagt ut til offentleg ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Vestland fylkeskommune har mynde til å vedta planprogram. Dette mynde ligg hos fylkesutvalet. Fylkestinget skal vedta endeleg regional plan.

2.2. Utviklingsplan for Vestland

Utviklingsplanen blir lagt til grunn for alt planarbeid i regionen, jf. pkt. 5.1. i utviklingsplanen. Måla i utviklingsplan for Vestland skal bli lagt til grunn for nye planer.

Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv skal ta inn over seg dei fire måla i utviklingsplanen, basere seg på vedteke utfordringsdokument og statistikk og utviklingstrekk i Vestland.

Mål 1
Vestland som det leiande
verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit
regionalisert og desentralisert Noreg


Mål 2
Klima og miljø som
premiss for samfunnsutvikling

Mål 3
Lokalsamfunn som ramme for
gode kvardagsliv i heile Vestland

Mål 4
Like moglegheiter
til å delta i verdiskaping

2.2.1. FN sine berekraftsmål

Berekraftsmåla til FN skal vere den raude tråden i planlegging og indikatorarbeidet som er vist i kapittel 2 i Utviklingsplanen vert sentralt i vurderinga av måloppnåing. Berekraftsmåla styrkar fokus på samanhengen mellom berekraftdimensjonane. I regional plan for kultur, idrett og friluftsliv vil vi likevel særleg løfte fram den sosial og samfunnsbyggjande dimensjonen i FN sine berekraftsmål saman med mål 17 – Samarbeid for å nå måla




Av førearbeidet til berekraftsmåla veit vi at det lenge vart arbeidd for å inkludere kultur som det fjerde beinet i berekraftsomgrepet. Da dette ikkje lukkast finn ein ikkje berekraftsmål som går rett inn i kjerneverksemda til kulturfeltet og som støttar opp om kulturen sin eigenverdi. Det er likevel mange av berekraftsmåla som kan romme kultursatsingar, på kulturen sine premiss og i kulturfeltet sitt språk. Kultursektoren kan også bidra til gje fleire dimensjonar til dei 3 gruppene av berekraftsmål, både miljømessig berekraft, sosial og økonomisk berekraft.

Berekraftsmåla er operasjonalisert i 169 delmål og til no ca. 231 globale indikatorar. SSB har tatt for seg dei 60 mest relevante indikatorane for Noreg. Nokon få av desse er relevante for kulturfeltet, dette gjeld særleg berekraftsmål 5, 11 og 16 <https://www.ssb.no/sdg#blokk-1>.

Vestland fylkeskommune arbeider no med et indikatorsett for berekraftsmåla. Her er ei viktig arena for kultursektoren.

Det manglande, fjerde beinet i FN sine berekraftsmål, kultur, kan illustrerast slik som figuren nedanfor viser. Her ser ein at kultur kan vere ein viktig del av den berekraftige utviklinga, med overlapping med dei tre andre beina.



Kjelde: <https://www.europanostra.org/our-work/policy/cultural-heritage-counts-europe/>

2.3. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023.

Nasjonale forventningar skal ligge til grunn for dei statlege styresmaktene sin medverknad i planlegging. Berekraftsmåla skal vere grunnlaget for regional og kommunal planlegging, dette må følgjast opp også i denne planen.

Det blir peika på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Fleire forventningar frå statleg hald er særleg relevant å trekke fram i denne planen:

- Auka verdiskaping og innovasjon basert på lokale ressursar
- Levande lokalsamfunn gjennom vekstkraft, likeverdige levkår og berekraftig regionar
- Aktiv forvaltning av natur og kulturminneverdiar
- Identifisere og ta omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap

- Utvikle det norske verdsarvområda som fyrstårn for den beste praksisen innafor natur og kulturminneforvaltning
- Kvalitet i dei fysiske omgjevnadane
- Kulturliv og fritidsaktivitetar er viktige arenaer for kvardagsintegrering og fellesskap basert på mangfald, likestilling, ytringsfridom og toleranse.
- Viktig at offentlege verkemiddel må leggje til rette for eit godt samspel mellom profesjonelle og det frivillige kulturlivet og at alle har tilgang til kultur goda uavhengig av bakgrunn.
- Tek vare på kunst og kultur som ein del av den kommunale og regionale planlegginga, og legg til rette for eit fritt og uavhengig kulturliv
- Ha ei aktiv og heilskapleg tilnærming til utvikling av aldersvenlege kommunar og fylke
- Motverke og førebygge levekårsutfordringar
- Medverke til utjamning av sosiale forskjellar
- Legge universell utforming til grunn i planlegginga
- Legge vekt på arkitektur og kvalitet i dei bygde omgjevnadane
- Planlegge med utgangspunkt i særpreget til stadene, kulturhistoriske element og viktige landskapstrekk
- Eldre busetnader og bystrukturar blir vurderte som ressursar i ein sirkulær økonomi
- Sikre byrom og blågrøn infrastruktur med stiar og turveggar som sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn og legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle
- Ta hand om interessene til barn og unge gjennom ei samfunns- og arealplanlegging som skaper trygge, attraktive og aktivitetsfremjande by- og bumiljø

Staten ønskjer å auke bruk av gjensidig forpliktande avtalar for å styrke oppfølging av regionale planar. Våre erfaringar frå dei to regionale kulturplanane tyder på at det er verdt å jobbe vidare med forpliktande avtalar for å sikre oppfølging av mål og strategi i planen. Auka verdiskaping og innovasjon basert på lokale ressursar er viktig.

2.4. Nasjonale mål for kultur, idrett og frivilligheit


Kulturens kraft, stortingsmelding 8 (2018-2019), har som samfunns mål:

Eit levande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og der mangfald, skaparkraft og kreativitet er høgt verdsett. Eit inkluderande samfunn der kunst og kultur av ypparste kvalitet inspirerer, samlar og lærer oss om oss sjølv og omverda.

Som overordna kulturpolitiske mål er det sett:

Eit fritt og uavhengig kulturliv som:

- skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet
- fremjar danning og kritisk refleksjon
- tek vare på og formidlar kulturarv
- skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga
- er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar
- tilbyr møteplassar og bygger fellesskap
- fornyar seg og viser evne til omstilling
- har internasjonal gjennomslagskraft og fremjar interkulturell forståing
- styrker norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar



Det vart gjort store utgreiingar om overføring av oppgåver frå stat til fylkeskommune i tilknytning til denne meldinga og regionreforma. Det resulterte til sjuande og sist til få omleggingar, men meldinga og debatten og dialogen rundt oppgåvefordelinga sette fokus på sambruket og ansvarsfordelinga som er mellom stat, fylkeskommune og kommune i finansieringa av kulturlivet. Dette som til saman utgjer den nasjonale kulturpolitikken, og meldinga sette opp ti mål for denne:

Desse innsatsområda er sett opp som særleg viktige:

- Produksjon, formidling og tilgang til kunst og kultur over heile landet
- Utnytte moglegheitene som ligg i ny, digital teknologi
- Styrke den økonomiske berekrafta i kultursektoren
- Utnytte potensialet som kulturlivet har internasjonalt
- Arbeide for eit representativt og relevant kulturliv, med like vilkår for alle uansett bakgrunn

Det vert altså lagt vekt på kultur som ytring og at kultur skal angå alle. Representasjon og relevans er viktige omgrep i meldinga, og kulturens plass i demokratibygginga. Ho spør - og svarar på - kvifor vi skal ha og finansiere kultur i eit samfunn. Det er også opp til eit fritt og uavhengig kulturliv å svare på dette og fylla si rolle. Meldinga plasserer kulturen i samfunnet som ei kraft og ikkje eit reiskap for noko anna.

Kulturen si samfunnsbyggjande kraft vert viktig for innretninga av planarbeidet også i Vestland. Hovudbodskapen i meldinga er at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og at eit rikt og variert kulturliv er ein føresetnad for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati gjeld i på alle nivå. Eit fritt kulturliv kan skape refleksjon og innsikt om verdiar, identitet og samfunn, og slik fremje toleranse og forståing for andre og oss sjølve. Dette er tankar og tema som også er omtalt i våre tidlegare regionale kulturplanar, og vil bli vidareutvikla i den kommande planen.

Stortingsmelding 16 (2019-2020) frå klima og miljødepartementet, Kulturmiljø:



Kulturmiljø er eit felles gode og ein viktig samfunnsressurs som kan bidra til både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Meldinga presenterer tre nye nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken, med vekt på engasjement, berekraft og mangfald. Med denne meldinga innfører regjeringa omgrepet "kulturmiljø" som samleomgrep. Omgrepet strekar under verdien av heilskap og samanheng, samtidig gjer den koplinga til den overordna klima- og miljøpolitikken tydelegare.

Meldinga skildrar status, utfordringar, moglegheiter og tiltak i kulturmiljøpolitikken. Mellom anna vil regjeringa utarbeide ein ny kulturmiljølov og strukturere og samordne bevaringsarbeidet slik at dei tre nasjonale måla vert nådd.

Stortingsmelding 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen frå Kulturdepartementet, Idrett og friluftsliv:

Den norske idrettsmodellen held fram at staten sin visjon for idrettspolitikken er idrett og fysisk aktivitet for alle. Målet er å legge til rette for at alle som ønskjer det, skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv. Ny idrettsmelding er varsla våren 2021.



Lov om pengespel fordeler overskotet frå Norsk Tipping med 64% til idrettsfremål, 18% til kulturfremål og 18% til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, som ikkje er knytt til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske forbund. Fylkeskommunane har gjennom kongeleg resolusjon av 3. april 1987 fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Stortingsmelding 18 (2015–2016) Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet, prioriterer friluftsliv i nærmiljøet og å auke kvardagsaktiviteten slik at alle kan delta. Barn og unge er prioriterte målgrupper.

Handlingsplan for friluftsliv som konkretiserer, utfyller og gir nye tiltak og føringar i høve til stortingsmeldinga. Folkehelsearbeidet skal i følge Folkehelselova fremje helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar set i verk tiltak og samordnar folkehelsearbeidet.




2.5. Gjeldande regionale planar

Dei to regionale kulturplanane i Hordaland og Sogn og Fjordane gjeld i dei to geografiske områda til ein ny plan er utarbeidd.

Dette gjeld:

- Premiss kultur, regional kulturplan for Hordaland, 2015 - 2025
- Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane, 2019 – 2027
- Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020–2024



I tillegg er ei rekkje andre regionale planar vedtekne eller under utarbeiding. Det er samanheng i planarbeidet og ei rekkje planar vil samhandle og overlape regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. I Regional plan for innovasjon og næring vil tema som kulturell og kreativ næring og reiseliv vere aktuelle samhandlingstema. Regional plan for senterstruktur og stadutvikling vil stadutvikling, frivillig verksemd og deltaking vere felles tema. Folkehelse er eit tverrgående tema i all planlegging og relevant for store deler av vår plan .

Det er ein ambisjon for planarbeidet å invitere inn relevante overlappende plantema til å bidra til planarbeidet og finne dei relevante samhengane på tvers av dei regionale planane.

2.6. Tverrgående tema

Det er ei rekkje tverrgående tema som må omhandlast i planen. Desse er aktuelle å handsame også i andre overlappende planar, og å innhente kompetanse frå andre delar av det offentlege. Dette dreier seg om tema som

- Samhandling og møteplassar
- Kompetanse
- Inkludering og integrering
- Klima og miljø
- Folkehelse
- Universell tilrettelegging
- Forsking, innovasjon og utvikling
- Internasjonalisering
- Digitalisering og infrastruktur
- Felles kunnskap, analyser og kommunikasjon
- Barn og unges oppvekstvilkår


3. Prosess for utarbeiding av regional plan

Plan og bygningslova legg føringar for utarbeiding av regionale planar.

Her er det identifisert tre planfasar som krev deltaking frå den regionale partnerskapen. I tillegg kan ein definere ei fjerde planfase, ein handlingsplan, som er eit 1-årig dokument der kvar aktør prioriterer, gjennomfører og finansierer tiltak som er vedtekne i planen og i det 4-årige handlingsprogrammet.



Dei ulike planfasane inneheld formelle krav til medverknad, høyring og vedtak i ulike fasar. Det er etablert ei tidslinje som leiar fram mot eit vedtak av regional plan og tilhøyrande handlingsprogram i fylkestinget i oktober 2022.



Det vert utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som skal leggest til grunn i planarbeidet.

Det vert også utarbeidd eit opplegg for deltaking i planarbeidet. Dette kjem vi attende til i kapittel 4.

4. Organisering og deltaking

Regional planlegging er forankra i demokratiske organ på regionalt nivå.

I følge delegeringsreglane i Vestland fylkeskommune har dei politiske utvala ulike oppgåver knytt til regionalt planarbeid.

Prosessen vert difor organisert i to delar, ein politisk prosess jf. delegeringsreglane og ein administrativ organisering som sikrar gjennomføring av planarbeidet og deltaking frå alle delar av kulturfeltet jf. plan og bygningslova.

4.1. Politisk organisering

Fylkestinget har følgjande ansvar og oppgåver i plansystemet:

- vedtek regional planstrategi, regionale planar og temaplanar
- vedtek handlingsprogram for regionale planar

Fylkesutvalet har eit overordna ansvar for tverrsektorielt fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda. Fylkesutvalet skal ta i vare rolla som samfunnsutviklar, mellom anna ved å sjå regional planstrategi og regionale planar i eit regionalt heilskapsperspektiv. Utvalet har ansvar for den koordinerande prosessen gjennom å skape politisk forankring og sikre at heilskapsomsynet vert ivareteke gjennom regionale planar, og å gje retningsgjevande og strategiske føringar til planarbeidet.

Hovudutvala har dei same oppgåvene knytt til regional planlegging, her hovudutval for kultur, idrett og integrering:

- gi innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- ta i vare fagansvaret og følgje opp planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde




Illustrasjon politisk organisering

Planarbeid skal ha politisk saksordførar for å styrke den politiske forankringa og gi betre rom for politiske innspel i prosessen. Saksordføraren skal følgje saka og arbeide for at ho blir best mogeleg opplyst sett frå ein politisk ståstad. Saksordføraren skal også arbeide for å få til nødvendige politiske avklaringar og forhandlingar i den politiske avgjerdsprosessen. I plansaker trer

saksordførar i funksjon frå det tidspunktet planarbeidet startar. Saksordførar skal i desse sakene vere medlem av eventuell styringsgruppe eller tilsvarande.

4.2. Administrativ organisering

Den administrative organiseringa skal ta i vare både gjennomføring av planprosessen og sikre god representasjon og deltaking frå berørte partar i planarbeidet. Dette kan illustrerast slik:



Framlegg til organisasjonskart

Styringsgruppe

Det vert etablert ei styringsgruppe som skal ha til oppgåve å bidra til å sette retning i planarbeidet etter politiske signal. Andre arbeidsoppgåver er målformulering, fagleg styring og framdrift i arbeidet. Det vert utarbeidd mandat. Styringsgruppa vert samansett av saksordførar, representantar frå dei formelle deltakarane i prosessen som skal delta, jf. pbl § 8.3. Dette er berørte offentlege styresmakter og organisasjonar. Statlege organ og kommunar har rett og plikt til å delta i planlegginga. Ein kan kalle desse premissleverandørar i planarbeidet.

I tillegg er det naturleg å invitere dei som bør delta i prosessen, dette er ressurseigarane som vert påverka/råka/rørt av planarbeidet. Dette gjeld representantar frå regionalt kulturliv; representantar frå frivillig sektor, profesjonelt kulturliv og kunst og kulturinstitusjonar.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å peike ut leiar, sekretær og medlemmer i styringsgruppa, samt utarbeide mandat og føringar for arbeidet.

Prosjektgruppe

Det vert etablert interne prosjektgrupper som skal ha det daglege arbeidet med planlegginga. Desse skal arbeide med fag og prosess og sikre gjennomføringa av planen.

Fylkesrådmannen utarbeider mandat og føringar for arbeidet i prosjektgruppa i avdeling for kultur, idrett og inkludering, og for tverrsektoriell prosjektgruppe fylkeskommunen. Deltakarane i prosjektgruppa vert utpeika av fylkesrådmannen etter innspel frå deltakande avdelingar.

Arbeidsgrupper

I tillegg vert det foreslått å etablere arbeidsgrupper for kvart plantema. Desse skal ha ei brei representasjon frå feltet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å peike ut leiar, sekretær og medlemmer i arbeidsgruppene, samt utarbeide mandat og føringar for arbeidet i arbeidsgruppene.

Det vert invitert i høyringsprosessen til at dei som ønskjer å delta i styringsgruppe og arbeidsgrupper melder si interesse.

4.3. Deltaking og medverknadsprosessar

Planlegging og vedtak skal sikre openheit, føreseielege tilhøve og medverknad for alle berørte interesser og styresmakter jf. §1-1 i plan og bygningslova.

Vi vil i stor grad nytte heimesida og digitale medium for å styrke informasjonstilgangen. Det vert oppretta ei planside på vlfk.no med all relevant informasjon.


Ein brei medverknadsprosess og forankring i partnerskapen er avgjerande for å få alle aktørane til å oppfatte planen som forpliktande og sikre ein kunnskapsbasert og robust plan med god gjennomføring. Kommunane vil vere heilt sentrale i dette, likeins både profesjonelt kulturliv (institusjonar og det frie feltet), frivillig sektor, m.m. Vi må også legge godt til rette for at regionalstat kan engasjere seg slik krava i plan- og bygningslova føreset.

Det er viktig at det vert ein reell prosess der ulike synspunkt og interesser vert avdekt og handsama.

Deltaking i planprosessen

Plan og bygningslova sine krav til deltaking er minimumskrav.

Det vert skilt mellom tre former for deltaking:



Vestland fylkeskommune har ambisjon om at ein skal køyre ein brei medverknadsprosess under utarbeiding av regional plan.

- i forkant av høyring slik at flest mogleg får høve til å få informasjon og løfte innspel offentlig

- Innspelsmøter tidleg i planprosessen for å avdekke utfordringar og moglegheiter som den regionale partnarskapen ønskjer å spele inn til planprosessen
- Eksterne arbeidsgrupper for ulike plantema vert oppretta

I tillegg til dei formelle høyringspunkta ser fylkesrådmannen for seg formelle medverknadsprosessar som:

- Innspelsmøte i samband med høyringar
- Temamøte
- Ev innbyggjarundersøking, e.l. spørjeundersøkingar
- Involvering av medverknadsorgana: Fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval, Fylkeseldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Ein legg opp til tidleg og brei involvering av den regionale partnarskapen. Det vert utarbeidd ei interessentanalyse for å sikre brei og relevant medverknad. Særlege grupper vert sikra aktiv medverknad jamfør § 5-1.

Internt i fylkeskommunen vil vi sikre deltaking frå relevante fagavdelingar og eit sterkt samarbeid med det planfaglege miljøet. Dei regionale medverknadsorgana skal også delta i prosessen.

Den politiske forankringa vil vere god gjennom strukturerte møtepunkt.

Etter innspel i høyringsperioden vert det utarbeidd framlegg til endeleg planprogram. Deltaking og medverknadsprosessar vert skissert fullt ut i endeleg planprogram.

5. Kunnskapsgrunnlag

For å planlegge godt for framtida må ein vite kvar ein har vore, kvar ein står, kva skjer i verda rundt og ha en ide om kvar ein er på veg. Regionalt planarbeid skal vere kunnskapsbasert. Det er likevel viktig å avpasse omfanget av kunnskap til føremålet med planen.


Kunnskapsgrunnlaget kan og bør oppdaterast fortløpande, reviderast regelmessig og vere ope og tilgjengeleg. I ei verd som blir stadig meir global og meir spesialisert er det blitt enda viktigare å ha god oversikt over relevant kunnskap. Samarbeid om kunnskapsgrunnlag er viktig. Kunnskapsgrunnlaget vårt er basert på kunnskap tilgjengeleg gjennom offentleg statistikk, gjennom regionale og nasjonale føringar innan ulike sektorar, gjennom erfaringar frå tidlegare planar og i dei ulike sektorane og forvaltningsnivå, gjennom spørjeundersøkinga og gjennom forskning. Både kvantitativ og kvalitativ informasjon er viktig for å danne et godt kunnskapsgrunnlag for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

For utforming av planprogrammet så langt har vi støtta oss særleg på kunnskapsgrunnlag for utviklingsplan for Vestland, erfaringar frå tidlegare arbeid med regionale planar for kultur, og erfaringar som regional aktør innan feltet.

Det vil vere behov for meir kunnskap på nokre områder. I løpet av planarbeidet vil dette verte avklart og det vil verte sett i gong innhenting av kunnskap. Her vil ein samarbeide med aktuelle partar for å utvikle kunnskapsgrunnlaget. Det er viktig å hente inn behov for anna type kunnskap frå partnerskapen.

5.1. Demografi

Vestland har ca. 636 000 innbyggjarar. Av desse bur i underkant av 385 000 i Bergensområdet. Innbyggjartalet i de ulike kommunane kan ein vise slik:




kommunar hatt vekst i folketallet dei siste 5 åra, med ei særleg auke i Bergensområdet og kring regionsentera.

Utviklinga peikar no i retning av større utfordringar med redusert innvandring og fallande fødselstal. Dette kan skape eit


større skilje mellom kommunane. Indre delar av Vestland kan merke dette mest, men også langs kysten kring Sognefjorden og nord i fylket kan merke følgjer av dette dei næraste åra. Dei same kommunane er også dei minst sentrale i fylket, der det er målt kor sentralt kommunen er plassert i høve til arbeidsplassar og servicefunksjonar.

Folketal etter alder er relevant sidan ein ser for seg at dette spelar ei rolle i kva type kulturtilbod innbyggjarane spør etter. Som figuren viser er aldersgruppa 0-15 år stabil for Vestland som heilskap frå 1990 og fram til i dag. Mens særleg aldersgruppa frå 50 år og oppover aukar monaleg, og har gjort det dei siste 10 åra.



Innvandring i Vestland

Figuren illustrerer mangfold av innvandrar med kulturell tilknytning til mange ulike land i verden. Dette er også ein ressurs. Det er t.d. mange ulike språk som er tilgjengeleg i Vestland.




Innvandrarar fordelt etter landbakgrunn i 2020 i Vestland. Kjelde IMDI

5.2. Norsk kulturindeks 2020

Kulturindeksen er ei årleg samanstilling av tilgjengeleg statistikk og offentleg informasjon som viser kommunane i Norge sin aktivitet innan ulike felt av kulturlivet, fokuset er på den såkalla ytringskulturen og den kulturelle grunnmuren i kommunane. Dette er basert på satsingar i Kulturutgreiinga 2014. Det er Telemarksforskning som utarbeider kulturindeksen og det føreligg no ein rapport frå 2020. Den totale plasseringa i Norsk kulturindeks er summen av rangeringar i ti kategoriar. Kommunen med den lågaste samla sum blant rangeringane av desse, kjem på toppen av Norsk kulturindeks.

Blant fylka i Norge rangerer Vestland på tredje plass i Norsk kulturindeks 2020 bak Oslo og Trøndelag. I år finn vi fylket sine høgste rangeringar i kategorien sentrale løyvingar, der Vestland er best av fylka. Fylket er rangert som nummer to innan kunstnarar, kulturarbeidarar, konserter og scenekunst. Svakast er fylket i kategorien Den kulturelle skolesekken. Det er også relativ svake plasseringar innan kino, bibliotek og kulturskole.

Kulturindeks Vestland 2019



Den årlege rangeringa av kommunane vekker alltid engasjement.

Til saman 14 av kommunane i Vestland ligg blant dei 100 beste kommunane i landet samla sett. 20 av kommunane i fylket scorar under middels av norske kommunar.

5.3. Idrettsindeksen 2017

Idrettsindeksen for Vestland 2017 syner at 32% av innbyggjarane over 6 år er aktive i idrett, og det tilsvarar landsgjennomsnittet. I Sogn og Fjordane og Hordaland er tala høvesvis 41 % og 30%. For ungdom, 13-19 år er aktivitetsandelen 70 % og landsgjennomsnittet er 59%. Ungdom har hatt nedgang i aktiviteten både for landet samla og i våre fylker. Vestland har særleg høg aktivitet innan vektløfting, styrkeløft og luftsport i høve til landsgjennomsnittet. Fylket ligg og over landsgjennomsnittet i deltaking i

fotball, gymnastikk og turn, symjing, handball, anna ballsport, friidrett og kampsport. For ski, skøyter, motorsport, golf og tennis ligg fylket under landsgjennomsnittet.

5.4. Særtrekk i ulike delar av Vestland

Kulturtilboda er noko ulike i kommunane. I sør er det langt fleire profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar, medan det i nord er større oppslutning om kulturskule og frivillig arbeid. Små kommunar har høgast deltaking i kulturskule og frivillig arbeid. I indre delar av Vestland er det eit gjennomgåande trekk at ungdomsskuleelevar er meir nøgd med tilbodet av idrettsanlegg og kultur. Eit godt kulturtilbod er viktig for å sikre inkludering og bygge attraktive lokalmiljø, i tillegg til å vere ein ressurs i reiselivssamanheng. Tettare samarbeid mellom aktørar innan kultur og reiseliv kan bidra positivt til innbyggjarane sitt kulturtilbod. Vidare etterspør kulturinstitusjonar i fleire regionar i fylket større regionale kultursatsingar. Dette er henta frå grunnlagsdokumentet for utviklingsplanen, «Utfordringar for fylket og regionane» (s12.) og viser særtrekk i kulturlivet for ulike deler av Vestland. Vi viser til dette dokumentet for fullstendig oversikt.

5.5. Utfordringar for fylket og regionane

I samband med utarbeiding av Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 (regional planstrategi) vart det utarbeidd eit godt kunnskapsgrunnlag. Dette gjennom rapportane *Vestland I Statistikk og utviklingstrekk*, *Vestland I Utfordringar for fylket og regionane*, og *Vestland I Folkehelseoversikt 2019 – 2023*. Dette kunnskapsgrunnlaget ligg til grunn også for utarbeidinga av regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

I utviklingsplanen vert det vist til 10 hovudutfordringar for Vestland. Desse er også lagt til grunn for arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Hovudutfordringane er:

1. Klimaomstilling
2. Balansert areal og naturressursbruk
3. Gode transportsamband og smart mobilitet
4. Grøn konkurransekraft
5. Digitalisering av samfunnet
6. Relevant kompetanse og kunnskap
7. Attraktive stader og gode nærmiljø
8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
9. Likeverdig samfunn
10. Ungdom – trivsel og tilhøyrse

Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv vil adressere problemstillingar, moglegheit og løysingar innan dei ulike utfordringane.

5.6. Utgreiingar / behov for nye utgreiingar

Å finne breie, overordna tema som aktualiserer tida vert viktig. Her finn vi prioriteringar i utviklingsplanen som skal speglast i regional plan. Det er også viktig å identifisere tema som ligg mellom ulike ansvarsområde. Kulturell og kreativ næring kan vere ei slik «blindsona». Dette er særskild aktualisert av covid-19 og dei spesielle behova som er utkrystallisert og forsøkt stetta gjennom koronatiltaka regjeringa sett i verk særleg for denne delen av næringslivet.

I løpet av det første året som Vestland fylkeskommune er det gjort politiske vedtak om oppstart av arbeid med kunnskapsinnhenting og nødvendig strategiarbeid innan ulike felt. Dette skal fasast inn i arbeidet med regional plan.

Dette gjeld:

- Frivilligstrategi
- Muskarordningane
- Museumspolitikk
- Vestland som antirasistisk sone
- Kommune 3.0, samhandlingsperspektivet i offentleg forvaltning
- Grønt vegkart, korleis går kulturlivet i Vestland inn i det grønne skiftet
- Inkludering, deltaking, mangfaldsperspektivet
- Universell utforming/tilrettelegging
- E-sport i Vestland
- Anleggspolitikk og kriterium for tildeling av spelemidlar 2020-2024. Temaplan jf. utviklingsplan.

Det er også avdekkja behov for nye utgreiingar innan fleire felt :

- undersøking av det profesjonelle kunst og kulturfeltet i Vestland
- statistikk og analyse
- kulturbruk, særleg born og unge sitt kulturbruk
- kunnskap om effekt av fylket sine tilskotsordningar

Utfordringsbildet i Vestland har peika ut særlege omsyn som skal takast vare på i planlegginga. Dette gjeld

- Barn og unges oppvekstkår
- Universell tilrettelegging og estetikk i bygde omgjevnader, her er kulturlandskap, kulturmiljø og offentleg rom og ulike aktivitetsanlegg og relevant

Dette er særlege omsyn som også er løfta fram i føremålet til plan og bygningslova og folkehelselova.

Utviklingsplan for Vestland seier at ein i løpet av planperioden skal utvikle eit heilskapleg indikatorsystem for Vestland. Dette kan bidra til å styrke målstyring og rapportering. Gode indikatorar for kulturfeltet kan vere relevant å utvikle, særleg for kunnskapsinnhenting gjennom rapportering ved tilskot.

5.7. Konsekvensutgreiingar

Plan og bygningslova § 4-2. omhandlar m.a. konsekvensutgreiingar der det er set krav til at ein for «regionale planer med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som

kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn».

I denne planen ser ein ikkje for seg at ein set retningsliner som er av ein slik art at dei kan utløse konsekvensutgreiingar. Det kan likevel vere aktuelt for kulturminneforvaltninga at ein utarbeider slike retningsliner. Utviklingsplanen for Vestland prioriterer i neste planperiode at det skal utarbeidast ein regional plan for areal, natur og kulturminneressursar. I denne planperioden skal ein arbeide med kunnskapsgrunnlag til denne planlagde planen. Fylkeskommunen vurderer difor at krav om KU ikkje vert utløyst for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Det er likevel høve til å sette i gang arbeid med konsekvensutgreiingar dersom dette endrar seg undervegs i planprosessen. Oppstart vert da varsla på vanleg måte etter krava i plan og bygningslova.

6. Plantema

Kunst og kultur kan hjelpe oss å forstå og utfordre oss sjølve og samfunnet vi lever i. Kunst og kultur har ein eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor for enkeltmenneske, grupper og samfunnet som heilskap. Kulturlivet bidreg til å forsterke identitet og samhald, men og til å utvide fellesskapet og skape større mangfald. I krisetider vert det spesielt synleg at kulturlivet evnar å mobilisere til kreativ omstilling og styrke samhald. Vestland har tradisjon for eit rikt og desentralisert kulturliv, med eit mangfald av tilbod i lokalsamfunna. Dette skal vi bygge vidare på som ressurs for skaping, oppleving og innovasjon, gjennom godt samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit og profesjonelle aktørar. Bergen og regionsentera er viktige som sterke fag- og produksjonsmiljø som kjem heile regionen til gode. Vestland skal vere pådrivar for eit sterkt og uavhengig kunst- og kulturliv med førsteklasses kvalitet, og ta ein sentral plass på den nasjonal og internasjonalt scena.

Utviklingsplanen for Vestland legg vekt på at Vestland skal vere ein pådrivar for berekraftig utvikling i ein styrka region. For å nå berekraftsmåla må vi jobbe på tvers av fag og sektorar og mellom forvaltningsnivå. Regional planlegging er eit reiskap for å lukkast i dette, og dei langsiktige måla er sett i Utviklingsplanen. Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv skal bidra til å oppfylle desse langsiktige måla gjennom sine sentrale plantema.

Plantema er områder som ein skal arbeide med i dei neste 12 åra. Det er difor viktig at tema er overordna, samtidig som dei er relevante for heile planperioden og gir rom for konkret handling og utforming av dei felles satsingane dei neste åra.

Plantema skal vere relevante for alle aktørane i regionen, dei skal løfte på tvers og mobilisere til utvikling og saman skape eit større, sterkare og meir heilskapleg kulturfelt som bidreg til oppfylling av utviklingsplanen sine ambisjonar på kulturen sine premissar.



På bakgrunn av måla i utviklingsplanen er det peika ut 4 sentrale plantema der heile kulturfeltet vert invitert til å utvikle innhald, utfordringar og handlingar som kan løfte kulturfeltet inn i framtida.

- Vestland som ein leiande kulturregion
- Eit berekraftig kulturliv
- Deltaking, medborgarskap og mangfald
- Kulturell verdiskaping

Vi vil gi eit lita innføring innan kvart tema til inspirasjon for vidare arbeid i planprosessen. Vi inviterer alle interesserte til å kome med innspel til plantema i løpet av høyringsperioden.

6.1. Vestland - ein leiande kulturregion



Spørsmål til drøfting:

- Kvar er
 - Kvalitetane i feltet
 - Moglegheit for å utvikle og løfte feltet
 - Tomrom
 - Utfordringane
 - Drøftingspunkta i regionen
- Kva verktøy og verkemiddel har vi?
- Kva vil det seie å vere ein leiande kulturregion?
- Korleis kan kunsten og kulturen som skapast i fylket vere relevant for ulike menneske?
- Kva er styrken i Vestland sitt arbeid innan det breie kulturfeltet?
- Kva og kven kan vere fyrtårn som kan vise veg regionalt, nasjonalt og internasjonalt?
- Kva må styrkast for at Vestland skal løfte seg i lag mot berekraftsmåla og visjonane for feltet?

Eit aktivt, oppdatert og innovativt kulturliv er med på å utvikle samfunnet og set i gang samfunnsmessige endringar. Eit godt kulturliv som fremjar refleksjon, oppleving og deltaking kan også vere viktig for å tiltrekke seg og behalde naudsynt kompetanse og arbeidskraft både i byar og mindre lokalsamfunn. Å vere ein leiande kulturregion er både eit grunnlag for ei god samfunnsutvikling generelt, og for utvikling av kunnskap og innovasjon i også heilt andre felt enn kulturfeltet.

Vestland har mange sterke kulturaktørar som er med på å skape ein sterk kulturregion. Dette er både eit faktum og noko å strekke seg mot. Det forpliktar – det krev både pengar, kunnskap og klokskap og ikkje minst dristigheit og risikovilligheit for å oppretthalde og ta i vare denne posisjonen.

Med Noregs nest største by har Vestland særleg føremon og føresetnad for å vere ein leiande kulturregion. Dei sterke kultur- og kunnskapsinstitusjonane i Bergen stiller Vestland i ei særstilling blant fylka i landet. Eit sterkt miljø tiltrekker seg også kunstnarar og andre mindre grupperingar med eit svært høgt fagleg nivå.

Vestland, og særleg Bergen, har kunst-, kulturinstitusjonar, prosjekt og arrangement som markerer seg i nasjonal og internasjonal samanheng. Det profesjonelle kunst- og kulturlivet i regionen har ei sterk drivkraft, innovasjonskraft og høge ambisjonar. Det trengs ein medviten og sterk kulturpolitikk for å kunne følgje opp dette og legge til rette for å vidareutvikle kulturregionen.

Storbykommunen Bergen har gjennom mange år jobba svært medvite med si satsing på kultur – særleg innan det profesjonelle feltet. Særleg sidan Bergen hadde status som europeisk kulturby i år 2000 har kommunen jobba planmessig for å styrke og bygge opp under eit kunst- og kulturliv som utmerker seg på internasjonalt nivå. Sjølve kunsten og kulturen må vere fri, men for at desse miljøa skal

forsette å eksistere og utvikle seg, treng ein samordna innsats frå både kommune, fylkeskommune og stat.

Bergen er ein motor for heile Vestland, og det ligg eit potensiale i å styrke kontakten mellom kunst- og kulturaktørar i Bergen med andre miljø andre stader i fylket.

Ein tydeleg kulturpolitikk bidreg til å bygge kulturregionen, i skjæringspunktet mellom profesjonell, frivillig, kommune, fylkeskommune og stat. Dette krev samordning og samarbeid og Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å etablere og samordne ein god dialog mellom dei ulike forvaltningsnivåa og mellom sentrale institusjonar innan kultur, idrett og frivillig verksemd. Til saman vert dette eit uttrykk for nasjonal kulturpolitikk.

Kontakt med utlandet har vore og er viktig for kystfylket Vestland. Dette pregar også kulturlivet. Særleg innanfor det profesjonelle kunst- og kulturlivet er internasjonale perspektiv, nettverk og samarbeid ein naturleg og naudsynt del av verksemda. I det globaliserte samfunnet dagens internasjonale røynd er ein nøydd å ha eit blick som går ut over fylkes- og landegrensar om ein ser seg som ein leiande region.

Alle innbyggjarane i Vestland skal få del i kunst- og kulturaktivitetar uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn. Kulturlivet har eit ansvar for å vere aktuelle og relevante for meir enn ei lita gruppe i befolkninga. Kultur har eit danningsaspekt, det deltakande, engasjerte og reflekterte mennesket er målet. For å oppnå dette, må kulturtilbod gi rom for skapande verksemd, opplevingar og læring, og motivere til kritisk tenking.

Nye kunst- og kulturuttrykk må vekse fram både i forlenging av tradisjonelle former og som nyskaping og utvikling av kulturuttrykk. Kulturlivet må utviklast fritt og uavhengig. Kunst og kulturliv er med på å sette viktige samfunnsmessige spørsmål og problemstillingar på dagsorden.

Vestland vil vere eit føregangsfylke på berekraftig utvikling, og dette omfattar også utvikling innanfor kultur, idrett og friluftsliv.

Nyskaping og innovative modellar for å utvikle anlegg og arenaer for idrett og friluftsliv er forankra i vedtatt anleggspolitikk. Vestland skal vere leiande i vidareføringa av denne utviklinga, og utfordre nasjonal politikk og etablerte former. Det skal ligge kunnskap til grunn, og vere kvalitet i prosess og gjennomføring. Dette for å kunne skape attraktive, målretta anlegg som er treffsikker og svarar på utfordringane i samfunnet.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige samfunnsressursar som i større grad må nyttast for å utvikle eit variert næringsliv og auka sysselsetting. Næringsutvikling med basis i kulturminnevernet kan mellom anna bidra til verdiskaping i reiselivet. Vestland var utgangspunkt for mange viktige institusjonar som har vore med på å skape norsk identitet og som i dag er viktig nasjonal kulturarv., Gulatinget er ein sentral, tidleg lovgjevande forsamling. Selja var det viktigaste religiøse senter på Vestlandet i den tidlege kristningsfasa på 1000- og 1100-talet. Sankta Sunniva, er den einaste kvinnelege helgen i Noreg og var ein av dei tre viktigaste helgenar i Noreg ved sidan av Olav den heilage og St. Hallvard. Middelalderen og Bergen som landets hovudstad er ein annan viktig referanse. Moster er ein viktig referanse for kyrkja.

Utviklinga innan digital teknologi opnar kulturfeltet for innovasjon knytt til uttrykk, kulturarv, deltaking og formidling.

Forsknings- og utviklingsarbeid på kulturfeltet vil vere viktig i forminga av framtidig kulturpolitikk. Kunnskapsinstitusjonar som bibliotek skal gi lik tilgang til kultur, informasjon, kunnskap og vere gode læringsmiljø.

Frivillig verksemd er ein berebjelke i lokalsamfunna. Frivillig sektor er stor og mangfaldig, og fremjar deltaking, engasjement, inkludering, folkehelse, lokalsamfunnsutvikling, velferd og demokrati. Den frivillige innsatsen er stor og aukande, og vil kunne bli endå sterkare gjennom samspel med offentleg og privat sektor. Den delen av frivilligheita som er knytt til kultur har ein viktig eigenverdi for den enkelte si personlege utvikling og for samfunnet, og er eit naudsynt grunnlag også for utviklinga av den profesjonelle delen av kulturlivet.

Kulturbygga og andre møteplassar for aktivitetar og formidling er viktige for å skape eit rikt frivillig kulturliv. Vi vil legge til rette for auka samspel mellom profesjonelle og frivillige kulturorganisasjonar og mellom kommunane og frivillig verksemd.

Samspelet mellom kulturnæring, kulturarv, reiseliv og kjernekompetanse i vårt sterke teknologimiljø har eit stort utviklingspotensiale.

Nynorsk er språkleg fellesskap som har vore med å skape ein felles identitet i skriftspråk og målbruk. Vestland er kjerneområde for nynorsk og ein har potensiale for utvikling og styrking av feltet.

6.2. Eit berekraftig kulturliv



Spørsmål til drøfting:

- Kvar er
 - Kvalitetane i feltet
 - Moglegheit for å utvikle og løfte feltet
 - Tomrom
 - Utfordringane
 - Drøftingspunkta i regionen
- Kva verktøy og verkemiddel har vi?
- kva er berekraft, har det ulik meining i ulike delar av kulturlivet?
- Grøn kulturutvikling, kva kan vere kulturen sitt bidrag til miljømessig, sosial og økonomisk berekraft?
- Korleis kan eit sikre eit berekraftig kulturliv, også etter korona..

Berekraft har fleire perspektiv:

- å ha ein infrastruktur som er berekraftig, der ein har intakte verdikjeder som sikrar at alle funksjonar og støttefunksjonar for å gjennomføre kulturtiltak i regionen er til stades. Vil koronapandemien påverke og ev. også rokke ved verdikjeda i kulturlivet?
- Eit anna perspektiv er å forvalte viktige natur, landskap og kulturverdiar på ein berekraftig måte. Dette kan vere fokus på sirkulær økonomi, eller å vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp m.a. gjennom offentlege innkjøp. Vil ein i ein slik omstillingsprosess måtte vurdere

meir miljø- og klimavennlege alternativ ved til dømes transport- og reiseverksemd og å legge større vekt på gjenbruk og delingskultur?

Som eit resultat av regjeringa sin strategi for grøn konkurransekraft vert det utarbeidd vegkart for grøn konkurransekraft, no også for kulturfeltet. Føremålet er at kultursektoren likt med andre sektorar i Norge skal ta sin del av ansvaret, og å bidra til å gjere Norge grønnare og å kartlegge kvar sektoren kan gjere ein forskjell for klima og miljø. Vegkartet er ein modell for omstilling, der ein skal skildre utfordringane, skissere mål og lansere tiltak og satsingar. Utviklingsplan Vestland legg FN sine berekraftsmål til grunn for all utvikling i Vestland. Å utarbeide grøne vegkart er i tråd med måla som er sett opp, der mål 2 er «Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling». Korleis bidreg Vestland inn i eit grønt vegkart for kultur?

Tradisjonelt har klima og berekraft vore assosiert med andre sektorar enn kultur, idrett og frivillig verksemd. Men feltet bidreg mykje i dag gjennom å vere ein del av klimaløysinga og det vil på sikt gi eit meir berekraftig kulturliv i regionen. Korleis skal ein saman realisere kultur sitt potensial for å bidra til berekraftig utvikling? Kulturlivet kan i seg sjølv vere eit alternativ og korrektiv til eit kommersielt samfunn er forbruk står i sentrum. Det kan fremje andre verdiar som er meir berekraftige, der m.a. vern, ivaretaking og nytting av gamle bygg kan vere gode alternativ.

FN sine mål for (sosial) berekraft vert særleg vektlagt i arbeidet med regional plan. I tillegg ligg måla i Stortingsmelding nr 16, Nye mål i kulturmiljøpolitikken til grunn; engasjement, berekraft og mangfald.

Klimaendringa sin effekt på kulturmiljøet er aktualisert dei siste åra. Forvaltinga av kulturarven må sjåast i samheng med og som ein integrert del av klima – og miljøforvaltinga. Bevaring av kulturmiljø kan samstundes bidra til den sirkulære økonomien og reduksjon av klimagassutsleppa. Bygg- og anleggssektoren står åleine for om lag 30% av det globale klimagassutsleppa. Av dette er 80% av utsleppa knytt til byggevarer. For å redusere klimaavtrykket må eksisterande bygningsressursar i større grad takast vare på gjennom bruk, ombruk, gjenbruk og transformasjon. Nye reparatørar vil skape nye arbeidsplassar, styrke lokal økonomien og auka bruken av kortreiste, tradisjonelle materialtypar. Å halde kulturlandskapet i hevd kan bidra til å stanse tap av naturmangfald ved at truga arter og naturtypar. Det er eit nasjonalt mål at kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging. Korleis tek vi dette i vare i Vestland?

Den sosiale dimensjonen i berekraftomgrepet omfattar både sosiale og kulturelle aspekt. Kulturarv sitt potensial for å oppnå sosial berekraft kan knytast til kulturarv som fellesverdi og fundament for folk si sjølvforståing, identitet og oppleving av kontinuitet. Arbeid med kulturarv kan vere ein inkluderande og samlande kraft som bygg tillit, skapar tilhørsløse og oppleving av fellesskap. Kulturmiljøet er i tillegg knytt til folk sine lokalsamfunn, nærmiljø og kvardagsliv. Gode bygningsmiljø og kulturlandskap bidreg både til trivsel, folkehelse, og livskvalitet.

Eit berekraftig kulturliv føreset også at ein har eitt breitt utval av tilbod og tiltak som sikrar at ein har heile verdikjeder intakt i fylket. Det gjeld t.d. at ein har alt frå kulturskuletilbod til borna, utdanningshøve innan kulturfeltet til dei unge og moglegheit for å leve som kunstnar. Eller å sjå på dei ulike ledda som trengs for eit godt kulturliv, slik som publikum, deltakar, utøvar, tilretteleggjar og stader for å utvikle, utøve og formidle kunst og kultur.

Eit berekraftig kulturliv inneberer også at kulturlivet er relevant for alle deler av samfunnet og ulike grupper av menneske. Det er ikkje berekraftig om kulturlivet berre kjenst relevant for utvalde grupper.

Dette er aktualisert av korona og dei tiltaka som er sett i verk både for å hindre smittespreiing og tiltaka som er sett i verk for å sikre eit kulturliv etter korona.

Sentrale utfordringar i dag kan vere:

- Arbeid med folkeopplysning, til dømes debatt om klima og miljø, som grunnlag for opplyste val.
- Samskaping i lokalsamfunn som grunnlag for berekraftige løysingar.

6.3. Deltaking, medborgarskap og mangfald



Spørsmål til drøfting:

- Kvar er
 - Kvalitetane i feltet
 - Moglegheit for å utvikle og løfte feltet
 - Tomrom
 - Utfordringane
 - Drøftingspunkta i regionen
- Kva verktøy og verkemiddel har vi?
- Korleis sikre deltaking for alle i frivillig sektor
- Skal kunst og kulturtilbod vere tilgjengeleg for alle i fylket? Korleis sikrar ein det?

Deltaking er ein grunnstein i eit demokratisk samfunn. Kultur kan skape forståing for samanhengar m.a. mellom fortid og notid, ulike menneske og ulike samfunn. Kultur kan skape band og gi grunnlag for tillit og det å ta ansvar.

Eit framsynt kulturliv kan vere med på å dra heile samfunnet vidare og kan vere med på å sette i gang samfunnsmessige endringar. Kultur kan skape forståing for samanhengar m.a. mellom fortid og notid, ulike menneske og ulike samfunn. Kultur kan skape band og gi grunnlag for tillit og ta ansvar.

Det kan vere riktig å dele temaet opp i to, sidan det har to ulike innretningar:

- Demokrati, medborgarskap, ytringsfridom, dette er eit generelt perspektiv som gjeld for alle innbyggjarane (fellesskapen).
- Deltaking, mangfald og inkludering, dette er tilknytning mellom kvar enkelt og fellesskapen.

Demokrati, medborgarskap og ytringsfridom

FN sambandet gir demokrati fleire dimensjonar; folkestyre; menneskerettar, borgarane si aktive deltaking og som et felles verdigrunnlag for innbyggjarane. Dei to siste, aktiv deltaking og felles verdigrunnlag er i fokus her.

Grunnlova sin § 100 slår fast at ytringsfridom skal skje.

Demokrati, rettferd og mangfald er grunnleggjande føringar for det nye omgrepet ytringskultur som eit romsleg kulturomgrep som femnar vidare enn det som gjerne vert omtala som finkultur eller høgkultur.

Her er verksemd som har meiningsskaping og kommunikasjon som hovudføremål, og mykje at kulturaktiviteten er inkludert i dette, kulturarv (materieil og immaterieil), kunstnarisk verksemd og det frivillige kulturlivet. Dette byggar opp mot tanken i stortingsmelding 8, Kulturens kraft, der hovudbodskapen i meldinga er at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og at eit rikt og variert kulturliv er ein føresetnad for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati. Korleis legg vi til rette for at kulturfeltet vert ein arena for ytringsfridom?

Deltaking i frivillig organisasjonsliv er demokratibyggjing frå botnen.

Her er fleire ulike dimensjonar ein kan fokusere på:

- Ytringsrett og ytringsfridom, dette er både ein rett og eit ansvar for den enkelte
- Høve til, og arenaer for, dialog og meiningsbryting.

Korleis bør det offentlege legge til rette for opne og inkluderande plattformer og arenaer som ikkje er styrt av kommersielle interesser? Dette gjeld både for profesjonell kunst og kultur og for det frivillige feltet. Kunst kan stille andre spørsmål, få oss til å sjå ting frå nye vinklar og kanskje andre løysingar.

Medborgarskap er at alle innbyggjarar vert behandla som likeverdige medlemmer av samfunnet, og får oppfylt dei same rettighetene som andre, t.d. gjennom å ha lik tilgang til velferdstenester eller lik moglegheit til å stemme ved politiske val. Det vert også brukt om innbyggjarane sine plikter og deira aktive deltaking i samfunnet.

Menneskerettane slår fast at "alle har rett til fritt å vere med i det kulturelle livet i samfunnet, til å nyte kunst og til å få sin part av dei vitskapelege nyvinningane og goda som følgjer med dei." Europarådets rammekonvensjon om kulturarvens verdi for samfunnet, Faro-konvensjonen, flyttar perspektivet frå objekt til menneske og samfunn. Konvensjonen anerkjenner at alle har rett til eigen kulturarv, samstundes som ein skal respektere andre har rett til sin eigen kulturarv. Såleis gjeld kulturarv alle. I Vestland gjer frivillig engasjement ein stor innsats for å ta vare på vår felles kulturarv, som eit gode komande generasjonar vil nyte godt av. Det er eit nasjonalt mål at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.

Deltaking, mangfald og inkludering

Inkludering er tilknytning mellom kvar enkelt og fellesskapen. Eit mål for kulturfeltet er å mobilisere til eit aktivt medborgarskap der den enkelte har tilgang på arenaer og aktivitetar slik at deltaking i samfunnet er mogleg. Eit godt lokalsamfunn bør ha eit mangfaldig kulturliv med tilgang for alle. Profesjonelt kulturliv bør vere sterkt og fremje nyskaping og ytringsfridom. Kunst og kulturliv kan vere med på å sette viktige samfunnsmessige spørsmål og problemstillingar på dagsorden.

For å lukkast med FN sine berekraftsmål, må vi ha fokus på integrering, inkludering og mangfald. Ytringsfriheit og ytringsmangfald står sentralt, og vil vere viktig på alle arenaer f.eks. i høve rekruttering, likestilling, deltaking i kulturlivet, idrett, både som deltakarar og som arrangørar. For at vi skal lukkast her, må alle setje dette på dagsordenen og det må samarbeidast på tvers med blant anna skular, næringslivet, kommunar, idrettslag, kulturarenaer, frivillige organisasjonar, m.m.

Ei av hovudutfordringane på integreringsfeltet er å få dei som nettopp er komne til landet i fast og varig arbeid. Her krevst det samarbeid på alle nivå for å gi alle like moglegheiter og sikre deltaking i samfunnslivet, og slik forebygge utanforskap. Dette vil også kunne gi betre levekår og gi mindre ulikskapar.

Kva må til for at vi kan utnytte innvandrarane sine moglegheiter til å delta i samfunnslivet og bidra til eit større mangfald på alle felt, slik som næringsliv, idrett, kulturlivet, frivilligheit og i lokalsamfunnet, og

gjennom dette gjere alle desse felte enno meir relevante og berekraftig enn dei er i dag? Vestland skal spegle eit mangfaldig samfunn, der alle innbyggjarane skal ha like moglegheiter til deltaking i samfunnslivet.

Fylkestinget har vedteke at Vestland fylke skal vere antirasistisk sone. Rasisme og diskriminering er demokratiske utfordringar som hindrar mange menneske frå å delta, bli høyrde og bruke sine ressursar i samfunnet på lik linje med andre. Korleis skal ein fremje mangfald, dialogarbeid og forebygge rasisme og diskriminering? Å auke kunnskap om diskriminering og rasisme i Vestland fylke og utarbeide eit godt kunnskapsgrunnlag om opplevd og strukturell rasisme er viktig for vidare arbeid på dei ulike områda. Her er kommunar, organisasjonar, institusjonar, frivilligheita, næringslivet med fleire viktige for å setje antirasisme på dagsordenen på alle nivå i alle typar organisasjonar. Slik kan Vestland vere eit føregangsfylke for arbeidet med å forebygge rasisme. Det viktigaste er å la antirasismearbeidet bli ein integrert del av alt vi gjer og at kvar einskild må ta ansvar. Dette er eit langvarig arbeid og krev tolmod, då vi skal endre både handlingar og haldningar. Dette arbeidet er sentralt for å sikre at alle tek del i den kulturelle verdiskapinga.

Opne og inkluderande arenaer

Dei sosiale skilnadene i Vestland er aukande og har vore det over tid. Samfunn med større forskjellar har oftare lågare tillit mellom folk, svakare sosiale relasjonar, svakare demokrati og mindre økonomisk stabilitet. Tillit til og mellom folk og institusjonar, oppleving av tilhøyrse og høg deltaking i arbeidsliv og kulturliv er kvalitetar vi bør ta vare på ved å sørge for at folk i Vestland får like moglegheiter til samfunnsdeltaking. Viktige arenaer for deltaking er barnehage, skule og utdanning, arbeid og fritidstilbod arbeid, fritidstilbod og møteplassar. Høg sysselsettingsgrad er viktig for å redusere sosial ulikskap, og inngangen til arbeidslivet vert ofte sikra gjennom deltaking på andre arenaer. Vi veit at utanforskap og einsemd gir tapt livskvalitet, auka risiko for fysisk og psykisk sjukdom og tidleg død. Høg kvalitet og låge tersklar for å bli med – særskilt i oppveksten – fremjar sunne og aktive liv og robuste innbyggjarar som kan bidra i utvikling av sine lokalsamfunn.

Bibliotek har ein sterk posisjon i samfunnet som trygt, nøytralt og ope offentleg rom med gratis tilgang til sørvis, materiell og oppleving. Biblioteket inviterer til møte mellom menneske på tvers av generasjonar, kulturar, sosial bakgrunn, funksjonsevne og kjønn, og med særleg fokus på å gi innbyggjarane like moglegheiter for å vere aktive medborgarar. Distriktsvenlege og desentralisert tilbod som gir gode føresetnader for regional kompetanseutvikling for dei som ikkje bur nærme større sentra, kompetanseutvikling som fremjar demokrati, medborgarskap, livskvalitet, og dermed velferd i samfunnet.

Gode anlegg og arena for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal legge til rette for deltaking og inkludering. Det er innbyggjarane sitt behov for aktivitet som skal liggje til grunn for kva anlegg som skal byggast. Eit godt kunnskapsgrunnlag, god planforankring, samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor på ulike nivå kombinert med ei brei medverknad frå innbyggjarar er avgjerande for å kunne møte framtidens behov.

Kulturbygg er også gode møteplassar og arenaer for kunst og kulturformidling, deltaking og aktivitet. Korleis tek ein i vare og vidareutviklar kulturbygga i fylket?

Digital deltaking

Vi lever i eit samfunn i stadig utvikling, der ny teknologi og digitalt innhald er med på å endre rammene for korleis vi lever. I en slik samfunnsutvikling ligg det ein fare for at det kan oppstå digitale skilnader i befolkninga. Tilgjenge, brukarmedverknad og nyskaping er sentralt som grunnlag for å motverke dette.

Kunnskap og opplysning på nettet konkurrerer og taper tidvis for falske nyhende, rykte og propaganda. Eit sterkt kulturliv som opplyser og utfordrar fungerer som ei viktig motkraft til dette. Korleis legg ein til rette for digital deltaking i Vestland, kva fordeler og ulemper kan dette ha?

For å skape godt digitalt innhald må ulike aktørar innanfor kultursektoren samarbeide med kvarandre og med frivillig sektor.

Bevaring og formidling er to av kjerneoppgåvene for kulturarvsinstitusjonane innan arkiv, bibliotek og museumsfeltet, der regjeringa sitt mål er at samlingane skal vere søkbare og tilgjengelege på tvers av heile feltet, og at innhaldet skal formidlast på ein brukarorientert måte. Digitalisering eit viktig verkemiddel i bevaringsarbeidet. Dette stiller store krav til ein god digital infrastruktur og gode fellesløyningar. Nasjonale og regionale aktørar spelar ei viktig koordinerande rolle her.

Eit meir digitalisert samfunn må også lære seg reglar som er sentrale for digital bruk og digital deling, som opphavsrett og personvern. I kultursektoren vil det alltid vere eit mål å finne ein balanse mellom interessene til dei som har opphavsrett og til samfunnet og brukarane. Dette er eit viktig punkt også for kunst og kulturnæringane.

6.4. Kulturell verdiskaping



Spørsmål til drøfting:

- Kvar er
 - Kvalitetane i feltet
 - Moglegheit for å utvikle og løfte feltet
 - Tomrom
 - Utfordringane
 - Drøftingspunkta i regionen
- Kva verktøy og verkemiddel har vi?
- Har vi kulturelle kraftsenter i Vestland som løfter kulturlivet regionalt og nasjonalt? Korleis er det viktig å ta vare på og utvikle desse?
- Kulturell infrastruktur, korleis fungerer dette?
- Tema som går breiare enn økonomi og verkemiddel. Identitet og samhørslse
- Korleis stimulere eit variert næringsliv, med fleire bein å stå på
 - Arrangementturisme
 - Kulturell og kreativ næring
- Kunnskap og kompetanseutvikling som føresetnad/grunnlag for kulturell verdiskaping og

Kultur, idrett og frivillig verksemd er viktige regionale verdiskaparar. Verdiskaping må forståast som det å produsere ei teneste eller eit tilbod som er nyttig, enten i seg sjølv eller fordi godet skal brukast vidare i ein annan samanheng. Verdiskaping skaper direkte eller indirekte velferd. Vestland er kjenneteikna av eit kulturfelt som fremjar fornying og utvikling.

Kunst og kultur har ein eigenverdi og er samstundes ein samfunnsbyggjande kraft. Kunst- og kulturuttrykk kan hjelpe oss å forstå og utfordre oss sjølve og samfunnet vi lever i og er ein viktig utviklingsfaktor for enkeltmenneske, grupper og samfunnet som heilskap. Kulturfeltet bidreg til å forsterke identitet og samhald, men og til å utvide fellesskapet, utfordre og skape større mangfald. I botn for vår tenking om kulturell verdiskaping ligg det at alle får ta del i samfunnet, uavhengig av kulturell og sosial bakgrunn, alder og funksjonsevne. Korleis tek ein i vare det i framtida?

Menneska i eit kvart samfunn treng livsinnhald, refleksjon og forståing av seg sjølv og andre. Dette er viktige samfunnsverdiar. Det enkelte kunstverk eller kulturoppleving kan gi menneska innsikt, erkjenning og livsinnhald, og er soleis med på å skape verdiar også i samfunnet.

I krisetider vert det spesielt synleg at kulturlivet evnar å mobilisere til kreativ omstilling og styrke samhald. Vestland har tradisjon for eit rikt og desentralisert kulturliv, med eit mangfald av tilbod i lokalsamfunna. Skal ein i Vestland bygge vidare på dette som ressurs for skaping, oppleving og innovasjon? Korleis gjer ein det, gjennom godt samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit og profesjonelle aktørar?. Bergen og regionsentera er viktige som sterke fag- og produksjonsmiljø som kjem heile regionen til gode. Er ambisjonen at Vestland skal vere pådrivar for eit sterkt og uavhengig regionalt kunst- og kulturliv med førsteklasses kvalitet, og ta ein sentral plass på den nasjonal og internasjonalt scena.

Den frivillige idretten og friluftsansjonane gir eit tilbod til mange gjennom tilrettelagt aktivitet, der glede, meistring, inkludering, rekreasjon og gode opplevingar er kjerneverdiar. Deltaking i frivillige lag har ein meirverdi som sosial møteplass, arena for fellesskap, danning av meining og opplæring i frivilligheitskultur i tillegg til sitt demokratiske fundament. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv har eigenverdi som er knytt til oppleving av glede, meistring, sosialt fellesskap. Det har også ein nytteverdi med positiv verknad på folk si fysiske, sosiale og mentale helse.

Den einskilde har ulike ønskje og føresetnader for å vere aktiv. Tilhøvet mellom organisert aktivitet, eigenorganisert fysisk aktivitet og kommersielle interesser er endra. Desse endringane må takast omsyn til i all planlegging. Korleis sikrar ein dette i Vestland?

Kulturelle kraftsenter

I Vestland har vi materielle og immaterielle kulturminne, verdsarvområde, festivalar, institusjonar, kulturverksemd, idrettsmiljø og andre fagmiljø som fungerer som kulturelle kraftsenter. Desse har store ringverknader regionalt og viser igjen i nasjonal og internasjonal samanheng. Desse er kraftsenter i form av sterke fagmiljø, eller dei er sentrale element i kunst og kultur frå fylket, til inspirasjon og som byggesteinar i nye satsingar. Korleis tek vi vare på og stimulerer desse kraftsentera?

Sosial verdiskaping handlar om utvikle produkt eller tenester som løyser sosiale utfordringar på en ny måte. Stimulering til sosialt entreprenørskap kan bidra til eit fullverdig tilbod ved å skape nye, lokale arbeidsplassar. Utvikling av ny digital teknologi og infrastruktur kan vere ein del av løysinga for å fremje kvalitet og nærleik til brukar. Kulturlivet og frivillig sektor er ein ressurs i digital utvikling og sosialt entreprenørskap.

God tilgang til offentleg informasjon og tenester er ein av føresetnadene for at velferdsstaten skal fungere. Det er òg ein demokratisk rett. Samlingar i arkiv, bibliotek og museum (abm) er ein del av det felles nasjonale minnet vårt. Ved å digitalisere kulturarven kan ein både ta vare på den, gjere den tilgjengeleg og formidle den vidare til kven som helst, kvar som helst.

Kulturarven er ein ressurs for forskning, undervisning og kultur- og samfunnsutvikling. Godt digitalt innhald er ein nøkkel til kunnskap og verdiskaping. Å gjere store delar av det digitaliserte materiale tilgjengeleg under frie lisensar, ein digital allmenning, vil vere ein stor ressurs for mange aktørar. Kulturen vil kunne utvikle seg vidare og materialet kan gå inn i eit kulturelt kretsløp som inkluderer kulturell og kreativ næring, reiseliv, forskning, lokalsamfunnsutvikling med meir. Korleis utviklar ein dette vidare?

7. Vidare arbeid og framdrift

I planarbeidet vert det avklart vidare behov for utarbeiding av strategiar og temaplanar. Det er allereie vedteke ein temaplan for Anleggspolitikk og kriterium for tildeling av spelemidlar 2020-2024 som er ein viktig del av plansystemet som omhandlar politikkområdet.

I tillegg skal fylkeskommunen i denne planperioden arbeide med kunnskapsgrunnlag med sikte på ein ny regional plan for areal, natur og kulturminneressursar i neste planperiode.

